



Bilete: D/s "Øygar" på veg til den neste kaien i Øygardsruta.

Foto: Universitetet i Bergen, Billedsamlingen.(c)

KLAR TIL FORHALING

VISITASMELDING FRÅ

ØYGARDSKYRKJELYDANE

ØYGARDEN PRESTEGJELD,

ved Bjørgvin biskop Ole D.Hagesæther sin

VISITAS 13.-17.SEPTEMBER 2006.

2.utgåve med tillegg 2007:

***Visitasprotokoll og Visitasforedrag 17.SEPTEMBER 2006,**

***Helsing frå Sokneprest og Rådsleiarar 17.SEPTEMBER 2006,**

***Referat frå "Ettervisitas 18.SEPTEMBER 2007.**



Ein Båt i Stormen duva

Ein Båt i Stormen duva,
Men Jesus var um Bord.
Hans Læresveinar gruva,
Då Båra braut på Fjord.
Men sjå, då Jesus vakna
Og truga Storm og Hav,
Då Vind og Vågar spakna,
Og Vedret stillna av!

Vår Gud kann Under verka,
Veit Råd i rette Tid!
Det skal kvar Kristen merka
I Livsens Storm og Strid.
So tarv me aldri klaga,
Når han er med um Bord,
Som Vind og Våg kann aga
Og stilla med eit Ord.

Når Jesus vil oss fylgja,
Me fara fram so trygt
Vår Leid på Livsens Bylgja
Um óg det stormar stygt.
Igjenom Brim og Båra
Hans Røyst me høyra kann,
Som Vêret upp kann klåra
Og lysa oss i Land.

Me ganga her og gruva,
Når Vegen ber imot;
Me snåva i kvar Tuva,
Som møter her vår Fot.
Men når me ned vil siga,
I Jesu Fang me fly
Og sterke atter stiga
Som Ørn i Ungdom ny.

Og når frå denne Verdi
Me venda skal vår Stamn,
Fylg, Jesus, med på Ferdi
Og før oss vel i Hamn!
Du Vegen veit og Måten,
Du kjenner Mål og Med;
Når du er med på Båten,
Me fara heim i Fred.

*NoS 470 i originalversjon. Tekst: Elias Blix Frå E. Blix, Nokre Salmar, 4. Utgåve. Samlaget, Kristiania, 1891. s.61-62.
Tone: Mig hjertelig nu længes.*



KLAR TIL FORHALING

VISITASMELDING

ØYGARDEN PRESTEGJELD

Red.: Sokneprest Sverre Martinsen.

INNLEIING

Denne visitasmeldinga vert lagt fram i samband med biskop Ole D.Hagesæther sin visitas i Øygarden prestegjeld i dagane onsdag 13.-søndag 17.september 2006.

Meldinga er utarbeidd på vegner av prestenesta, prestegjeldsstaben, og dei 3 kyrkjelege råda i Øygarden.

Fleire medarbeidarar har levert stoff til meldinga. Meldinga sitt innhald som gjeld kyrkjer, kyrkjegardar, bygningar og økonomi, er i all hovudsak skrivne av kyrkjeverje/dagleg leiar Odd N. Thormodsæter.

Avsnittet om born og ungdom er skrivne av kyrkjelydspedagogane Rannveig Vestbøstad Vik og Synnøve Sandøy Voldsund, med god hjelp av sekretær Kari Sandøy Rong. Avsnitt om kyrkjemusikk er skrivne av kantor Anne Lise Grøm og hennar vikar Torgeir Landro. Faktaopplysningar om Øygarden kommune er skrivne av Ingvill Osland.

Innhaldet i einskildbidrag frå medarbeidarane er redigert saman av sokneprest Sverre Martinsen. Dei fleste konkrete vurderingar er gjort av soknepresten. Desse vil verta utdjupa og drøfta under visitasen.

Meldinga bør lesast saman med peikarane til internettsidene på <http://www.stellamaris.no>. Mest effektivt skjer dette ved å nytta den elektroniske versjonen:

Den trykte versjonen vil verta distribuert til Biskop, Rådgjevar og Prost, til kommunen og andre offentlege etatar i Øygarden. Nokre eksemplar står til rådvelde for kyrkjelydsmedlemmer som er interesserte i det kyrkjelege arbeidet i prestegjeldet.

Rong, 30.august 2006:
Sverre Martinsen/s/
Sokneprest

Odd N. Thormodsæter/s/
Kyrkjeverje/Dagleg Leiar

Bente Hellesøy Guntveit/s/
Leiar Blomvåg Sokneråd

Atle Dåvøy/s/
Leiar Hjelme sokneråd

Gustav M Landro/s/
Leiar ØKF

For nærare informasjon, kontakt: Øygarden Prestegjeld, tlf.56 38 22 40. Sokneprest Sverre Martinsen dir. tlf.56 38 22 44. mobil 950 67890.



Helsing frå Ordføraren



Øygarden kommune
Ordføraren

Ordføraren si helsing i høve bispevisitasen i Øygarden september 2006

Øygarden kommune vart oppretta i 1964, etter ei samanslutning av Hjelme kommune og delar av tidlegare Herdla kommune. På midten av 70-talet var det nedgong i folketalet (2750). Betre kommunikasjonar førte etter kvart til at denne trenden vart snudd og folk flytta attende til kommunen. I 2006 vil folketalet i kommunen passera 4100 og Øygarden er ein av dei kommunane som veks prosentvis veks mest i landet.

Før levde folk av fiske og jordbruk. Ein del reiste til sjøs og nokre vekependla til Bergen. I dag har dette endra seg mykje. Fiske og jordbruk er det lite att av. Folk dagpendlar til nabokommunane og Bergen og mange har også sitt virke i kommunen i forskjellige typar verksemdar.

Øygarden er ilandføringskommune for olje og gass. Kollsnes og Sture er kjende namn og ved desse anlegga vert det produsert olje og gass for store verdiar som det norske samfunnet kan nyte godt av. Det er gode relasjonar mellom desse verksemdene, kommunen og lokalsamfunnet.

Øygarden kommune arbeider for at våre innbyggjarar skal trivast og det er viktig å skape gode oppvekstvilkår for born og unge. Kommunen yter store tilskot til frivillig arbeid, også til kristent arbeid. For kommunen er det viktig å ta vare på det frivillige arbeidet.

Kyrkja sitt arbeid er viktig og kommunen vektlegg dette gjennom budsjetttrammer som er tildelt Øygarden kyrkjelege fellesråd. Fellesrådet har stor fridom når det gjeld forvaltning av budsjettmidlar til kyrkjeleg arbeid og drift av kyrkja sine anlegg. Kommunen har brukt store summer når det gjeld opprusting og nyanlegg ved kyrkjegardane i Blomvåg.

For nokre år sida var det politisk vilje til å byggja ut Blomvåg kyrkje. Dessverre vart dette arbeidet stogga av antikvariske omsyn. Kva konsekvensar dette har for kyrkja sitt arbeid må Fellesrådet gjera greie for.

Kyrkja og arbeid i kristen regi er ein del av vår kultur og våre lokalmiljø. Eg vil gi honnør og ros til alle arbeidarar som står i denne tenesta, både løna og uløna.

Eg ynskjer lukke til med bispevisitasen.
Øygarden, juni 2006

Olav Martin Vik
Ordførar



KAPITTEL 1

VISITAS I ØYGARDEN

“Frå Milet sende han bod til Efesos og kalla til seg dei eldste i forsamlinga...

Ta vare på dykk sjølve og på heile den flokken som Den heilage ande har sett dykk til å vera tilsynsmenn for! Ver hyrdingar for Guds forsamling, som han vann med sitt eige blod. For eg veit at når eg er borte, vil det koma inn iblant dykk grådige ulvar som ikkje sparer flokken. Og mellom dykk sjølve skal det stå fram menn som fer med falsk lære og vil lokka disiplane med seg. Så vak då, og kom i hug at eg i tre år, natt og dag, med tårer i auga, ikkje heldt opp med å rettleia kvar einaste ein.

Og no gjev eg dykk over til Gud og hans nådeord, som har kraft til å byggja opp og gje dykk arv saman med alle dei som er helga.” (*Frå Apostelen Paulus sin visitas i Efesos. Apg.20, 17-38*)

“Så sant som han kjem og oppretter sitt rike, byd eg deg framfor Guds og Kristi Jesu andlet, han som skal dømme levande og døde: Forkynn Ordet, stå klar i tide og utide, vis til rette, tal til tukt og tal til trøyst, og gjer alt med tolmodig undervising! For det skal koma ei tid då folk ikkje toler den sunne læra, men etter eige hovud tek seg lærarar i hopetal, for dei vil ha det som kilar i øyret. Dei skal venda øyret frå sanninga og halda seg til mytar. Men du skal vera edru i alt det du gjer! Ber lidingane, gjer evangelistens gjerning og fullfør di teneste!” (*Apostelen Paulus visiterer sin læresvein Timoteus. 2.Tim. 4,1-5*)

“Ta dykk i vare og lat ikkje hjartet dykkar tyngjast av svir og drikk og sorgene i dagleglivet, så den dagen kjem like uventa på dykk som ei snare. For den dagen skal koma over alle som bur på jorda. Vak kvar tid og stund og be om styrke til å koma velberga frå alt det som skal henda, og bli ståande framfor Menneskesonen.” (*Gud Herren Jesus Kristus om den store visitasen, ca. år 33, Luk. 21,34-36*)

At biskopen kjem på visitas er ikkje ei daglegdags hending i eit prestegjeld. Det er gått 13 år sidan sist. Tidligare visitasar var i 1953, 1961 , 1969 og 1983. I **visitasreglementet** heiter det bl.a.:

§ 1. *Kvart sokn skal visiterast av biskopen minst kvart 8. år. Visitasen vert halden samla for alle sokn i et prestegjeld. Ved særskilte høve kan den omfatta bare eit sokn.*

Visitasen vert foreteken saman med prosten, som utfører den delen av visitasen som vert pålagt av biskopen.

Prosten kan foreta prostevitjing i sokna mellom visitasane, etter nærmere retningslinjer, fastsett av departementet...

§ 2. *Biskopen skal ved visitasen legge vekt på forkynninga av Guds ord for kyrkjelyden, drøfting med sokneråda, og samtale med dei tilsette. Slik skal biskopen gje støtte til kyrkjelydane si verksemd og styrke samfunnet i kyrkjelydane. Saman med sokneråd og tilsette skal biskopen under visitasen gå inn i et sams arbeid for å prøva livet i kyrkjelyden på Guds ord og kyrkja si vedkjenning, og inspirera til frimot og fornying.*

Ein visitas er difor eit sams arbeid der livet i kyrkjelydane i vid meining skal prøvast på Guds ord og kyrkja si vedkjenning, med det mål at det skal gje frimot og fornying i tenesta. (Visitasreglement for Den norske kyrkja. Fastsett ved kgl. res. av 26. juni 1987.)



“...hvordan en visitas har pleid å arte seg i Norge, med bisp og prost som festlige gjester under et flere dagers opphold på prestegården, med fortrolige, sjelesørgeriske samtaler mellom presten og hans overordnede,” (Res.Kap.Ludwig Schübeler, Kirkekampen slik jeg så den, s.205, Lutherstiftelsen, Oslo 1945.)

Prestegjeldet ønskjer at denne visitasen må bli sterkt prega av at prestegjeldet ønskjer å finne ein utveg frå den vanskelege situasjonen i Den norske kyrkja.

Etter Lærenemnda-2006 sin uttale vart lagt fram 20. januar, har begge sokneråda etter grundige samtalar på 3 møte, og høyring på årsmøte gjort kvart sitt vedtak der det vert fokusert på seinare preste-og bispeval, og reist spørsmålet om ein kan ha gudstenestefellesskap med dei som vil innføre ny lære i kyrkja. Dette har òg representantar for bedehus og kristne organisasjonar i prestegjeldet gjeve tilslutning til.

Vi helsar Bjørgvin biskop Ole D.Hagesæther med følge hjarteleg velkomne til Øygarden prestegjeld.



Bilete: D/s ”Øygar”, frisk seilas i leia.
Mikkal Sangolt, Skogsvåg, 1998. (c)

KAPITTEL 2

ØYGARDEN PRESTEGJELD OG KOMMUNE

Grenser og soknedeling.

Øygarden prestegjeld er eige tenestedistrikt, med same grensene som Øygarden kommune. Det ligg nordvest for Bergen, har Nordsjøen i vest og Hjeltefjorden i aust. I sør ligg Fjell, og i nord Fedje kommune. Frå prestekontoret er avstanden til Bergen på rv 561/555 40 km. Den landfaste delen av prestegjeldet er 30 km langt.

Prestegjeldet utgjør størsteparten av det gamle Herdla prestegjeld, og vart oppretta 1.mars 1967 med namnet Øygarden etter ei lang saksgong. Bakgrunnen for reformen var Kommuneinndelingskomiteen(Schei-komiteén) sitt framlegg om kommuneinndelinga i 1961. Etter politisk handsaming av dette og oppretting av den nye Øygarden kommune frå 1964 tok Kyrkjedepartementet i 1965 initiativ til å revidere óg den kyrkjelege inndelinga.

Blomvåg sokn vart skilt ut frå Herdla sokn i samband med kommunereguleringa i 1964, og vart i 1967 det største soknet i den nye prestegjeldet. I tillegg fekk Øygarden med seg Hjelme sokn frå Hjelme kommune. Dette soknet er eldre, oppretta i 1903 ved frådelling frå Bø i Manger Prestegjeld. Grensene mellom dei to vart óg regulerte, slik at Blomvåg si nordgrense no går ved Straumsundet. Tidlegare hørte óg Alvheimkrinsen med her. Men det nye prestegjeldet miste Herdla-krinsane Turøy og Misje til Fjell.

Den delen av gamle Herdla som låg på austsida av fjorden heldt fram til 1970 som eige prestegjeld, men vart i 1970 slått saman med Askøy.

Prestegjeldet hørte inntil 1973 til Nordhordland, og mellom 1974 og 15.oktober 1999 til Midhordland prosti. Det høyrer no inn under det nye prostiet vest for Bergen kalla Vesthordland.

Prestegjeldet nyttar nynorsk målform.

Sjå meir om den lokale kyrkjesoga her:

<http://www.stellamaris.no/lokalksoge.html>

Geografi, natur og industri.

Øygarden kommune er samansett av 522 små og store øyar. Dei større øyane er samanbundne med bruer. Det er for det meste god vegstandard. Til Hernar og dei andre øyane i nord må ein nytta båt.

Kommunen har ei strandline på 236 km og eit samla areal på 66 km² .

Landet ligg lågt i terrenget men stig jamt frå aust mot vest med til dels bratte skrentar, plata, viker og sund mot vest. Dei høgaste knausane er 40 – 50 m over havet, og Blomeknuten er høgast punkt med 73 m.o.h. Dominerande bergart i kommunen er gneis, men på Oøy og Alvøy-Seløy er det også førekomstar av granitt og gabbro.



Øygarden høyrer til den delen av Noreg som først vart isfritt etter siste istid for 12000 år sidan, og nokre av dei eldste spor etter busetjing (omlag 10 000 år gamle) er funne i kommunen, t.d i Blomvåg. Landskap, natur- og kulturmiljø ber preg av dette.



Bergens Tidende, 2.november 1941. Bilete: Kystmuseet.

Kommunen høyrer til den atlantiske lyngheiregionen (frå Portugal til Vesterålen) og har eit oseanisk klima med milde vintrar og moderate sommartemperaturar. For 4000 år sidan var kommunen skogkledd, men i dag er det lynghei som dominerar. Lyngheiane er verneverdige og menneskeskapte ved at skog vart fjerna for opparbeiding av husdyrbeite. Beiting og lyngbrenning har halde lyngheiane i hevd i tusenvis av år, men endringar i driftsform gjer at særleg lauv- og furuskog er på frammarsj. Planting av gran og furu er likevel den viktigaste årsaka til at lyngheiane gror att i Øygarden. I tillegg til lynghei og mykje berg-i-dagen er myr, mindre vatn og våtmark samt strandsone med svaberg og havstrand dei mest vanlege naturtypene. Dyrkingsjord og kulturmark finn ein i glovar og kløfter på hovudøyane. Beiteområde



med steingardar og tradisjonelle bygningar knytt til jord- og sjøbruk er typiske trekk i landskapet elles. Øygarden har eit rikt plante- og dyreliv og fleire områder har regional og lokal verneverdi. Særleg kan ein nemne Tjeldstømarka naturreservat som er eit verna våtmarksområde på 1061 dekar med viktige naturmiljø og rikt fugleliv.



Morgon ved Rongesund. Bilete: Odd N.Thormodsæter.

Folketal og utviklingstrekk.

Øygarden har i dei siste åra erfart ei relativt kraftig auke i folketalet, og i 2002 var kommunen raskast voksende i Hordaland og 4. raskast i Noreg, med ei auke på 2,35%. Eit jamt aukande innbyggjartal har vore trenden sidan 1975. I perioden 1986 - 1994 var gjennomsnittleg årleg vekst om lag 2,7 % og dermed høgare enn i 2002. I perioden 1995 – 2005 har folketalet auka med 10,6 % og i 2005 var folketalet i Øygarden kommune 3975, fordelt på dei to sokna, Blomvåg(2/3) og Hjelme(1/3).

Dei faktorane som mest har påverka folketalet i Øygarden er inn- og utflytting. Dette er vist i fig. 1 . Fødselsoverskot har vore relativt lågt varierende mellom 0.10-0.73 % av folketalet, og difor mindre viktig. Effekten av fødselsoverskot har likevel auka dei seinare åra, og ser ein på folkeauken dei siste åtte åra skyldast 64 % innflytting og 37 % fødselsoverskot.

Auken i fødselsoverskot heng saman med at dei fleste innflyttarane er unge og i aldersgruppa 25-45 år. Elles aldersfordeling i kommunen er gitt av fig. 2.




Fig. 1: Prosentvis fordeling av fødsels- og innflyttingsoverskot og folketilvekst i perioden 1995-2001. Kjelde:SSB.




Fig 2: Prosentvis aldersfordeling i kommunen pr. 1.1 2003 fordelt på kvinner og menn (Kjelde: SSB)

Tabell 1 gjev eit bilete av Øygarden-samfunnet relativt til resten av fylket og landet, og Øygarden har klart fleire barn og unge i aldersgruppe 0 – 17, samt noko færre innvandrarar.

	Kommunen	Fylket	Landet
Andel barn og unge 0-17 år	29	24,8	23,7
Andel eldre 80 år og over	4,3	4,5	4,5
Andel personer med Innvandrerbakgrunn, vestlig	0,8	1,6	2,2
Andel personer med Innvandrerbakgrunn, ikke-vestlig	2,4	3,5	5,1

Tab. 1: Befolkningsstruktur i prosent pr. 1.1. 2003

Vendepunktet i folketilvekst rundt 1975 hadde samanheng med større industrietableringar samt betre kommunikasjon til og frå nabokommunane og fastlandet på grunn av brusamband.




Fig 3. Folketalsutvikling i Øygarden 1964 – 2004 pr 1.1 kvart år. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Når det gjeld folketalsframskriving varierer berekningane for 2015 mellom 4446, og 4565 innbyggjarar.

Folketal										Framskrivning							
Krins:	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Toftøy	805	831	870	906	936	985	1028	1049	1056	1082	1109	1137	1166	1195	1225	1255	1287
Rong	786	791	791	830	820	835	863	877	949	973	997	1022	1048	1074	1101	1128	1156
Blomvåg	529	533	533	520	520	549	550	565	548	556	565	573	582	590	599	608	617
Breivik	261	257	255	254	251	254	263	272	290	294	299	303	308	312	317	322	327
Alvheim	516	498	500	488	523	519	515	532	517	522	527	533	538	543	549	554	560
Hatten	210	226	231	213	229	227	231	230	234	236	239	241	244	246	248	251	253
Bakken	350	350	337	345	300	299	307	316	309	312	315	318	321	325	328	331	335
Hernar	30	32	32	32	34	32	29	28	28	28	29	29	29	29	30	30	30
Total	3487	3518	3549	3588	3623	3706	3786	3875	3931	4003	4080	4156	4236	4314	4397	4479	4565
endring	73	31	31	39	35	83	80	89	56	72	77	76	80	78	83	82	86
endr. (%)	2,14	0,89	0,88	1,10	0,98	2,29	2,16	2,35	1,45	1,82	1,82	1,82	1,82	1,82	1,82	1,82	1,82

Tab. 2: Folketal i Øygarden, krinsvis oversikt for perioden 1996-04. Framskrivning av folketallet 2005 -2012. Framskrivinga er basert på ein auke på basert på 2,5% tilvekst for Toftøy og Rong, 1,5 % for Blomvåg og Breivik, 1,0 % for Alvheim, Hatten, Bakken og Hernar krinsar på grunnlag av folketallet frå 2004.

Rong og Toftøy har størst tilflytting, størst prosentdel unge under 20 år og lågast prosentdel eldre over 67 år i kommunen. Desse saman med Tjeldstø er fokusområde for vidare utvikling, mens Rong og Tjeldstø er senterområde.

Næringsliv og sysselsetting.

Utviklinga innan nærings - og sysselsetjing viser same tendens som elles i landet der primærnæringane (fiske, fangst, jordbruk) går tilbake, og har gjort det sidan 1970. Sekundær- (anleggs- og industriverksemd) og tertiærnæringane (handel, hotell, bank og private og offentlege tenester) har framgang. Næringsstrukturen er prega av store installasjonar knytt til olje-og gassutvinninga i Nordsjøen. Stureterminalen, Kollsnes og Kollsnes Næringspark er dei største arbeidsplassane.

På Stura i Hjelme sokn ligg Hydro sin råoljeterminal, og på Kollsnes i Blomvåg sokn ligg Statoil sitt gassbehandlingsanlegg, som er det største i verda. Begge er for tida under vidare utbygging, noko som har ført mange gjestearbeidarar frå andre land til

kommunen. Det er òg ein del industri basert på nemnde anlegg, fiske-og småbruk. Øygarden har stor utpendling og ein høg kontingent sjøfolk. Her er óg mange hytter, noko som fører til mykje feriefolk og helgebebuarar.

Tidleg på 1990-tallet var tala på arbeidslause i kommunen svært høge samanlikna med fylkes- og landsgjennomsnitt (tab. 3). Dette til tross for nyetableringar av industri, oppstart av anleggsverksemd samt vidare utbygging på gassbehandlingsanlegget på Kollsnes.

Talet på arbeidsledige har sidan 1996 stabilisert seg på eit lågt nivå samanlikna med dei urovekkjande tala på midten av nittitalet.

År:	ledige	%	% ledige Hordaland	% ledige Noreg
1993	146	10,6	5,9	5,5
2002	48	5,8	3,4	3,2

Tab. 3: Arbeidsledige i Øygarden 2002 samanlikna med 1993 Kjelde: SSB

Når det gjeld utdanning på vidaregåande skule ligg kommunen godt over gjennomsnittet i fylket og landet elles, men når det utdanning på høgskulenivå ligg innbyggjarane i kommunen framleis langt under gjennomsnittet for fylket og landet som heile. Mykje arbeidskraft må derfor hentast frå nabokommunane.

Kyrkje og kommune.

Tilhøvet mellom Øygarden kommune og prestegjeld er det aller beste, sjølv om det lokalt er heilt skilje mellom "stat og kirke." Kommunen har over mange år løyvt mykje midlar til Fellesrådet sitt budsjett. Nokre saker på agendaen mellom kommune og kyrkje:

- Striden om utbygging av Blomvåg kyrkje 1999.
- Kyrkjelege eigedomar er overførte til Fellesrådet.
- Den kulturelle skulesekken.
- Kyrkjelydsprest.
- Diakoni.
- Kriseteam.

KAPITTEL 3

LIVET I PRESTEGJELDET

Kyrkjer.

Prestegjeldet har tre kyrkjer. To av kyrkjene er i vanleg bruk medan den tredje, Gamle Hjelme berre er i bruk i sommarhalvåret. Det er óg gudstenester i Sion bedehus, Vik, og Salem bedehus, Hernar ved einskilde høve. Sokneråda har i 2006 peikt på Rong som mogleg ny gudstenestestad.

Blomvåg kyrkje.

Kyrkja vart vigsla 24. november 1931 og er såleis 75 år dette året. Sjølve bygget var ei gåve frå kjøpmann Ingwald Nielsen, handelsmann i Oslo, men som opprinneleg var frå Blomvågen. Det er totalt 250 sitjeplassar. Kyrkja har bårerom med kjøleaggregat. Frå prestekontoret er avstanden 5 km.

Sjå elles 75-års jubileumsskriftet "Heilag er kyrkja her" som er forfatta av Egil Sæle 2006, og arbeidsark for Blomvåg kyrkje, (lagt ved) del av "Den kulturelle skulesekken" i Øygarden, forfatta av Elisabeth Hoff og Kjartan Skår 2006.

Vedlikehald og nye installasjonar:

- Kyrkja fekk nytt 16 stemmers orgel i 1993, av merket Grønlund, produsert i Nord-Sverige.
- Parkeringsplassen vart utvida til 80 biloppstilingsplassar i samband med ferdiggjeringa av ny kyrkjegard i 2001.
- Det vart sett inn nye vindauge i hovudskip mot sør og i barnesakristi sommaren 2004.
- Vidare er det føreteke utvendige reparasjonar i samband med maling i 2004/2005.
- I 2004 vart det installert innbrots- og røykvarslingsalarm knytt til alarmsentral.
- I 2005/2006 vart det på loftet innreidd rom ("Kyrkjeloftet") for barnesamlingar, utvendig hovuddør og dør inn til borggarden vart reparert.
- Nytt lydanlegg i 2006.

Hjelme kyrkje.

Kyrkja vart vigsla 13. juni 1971 av biskop Per Juvkam og er såleis 35 år dette året. Det er totalt 340 sitjeplassar. Kyrkja har bårerom med kjøleaggregat. Frå prestekontoret er avstanden 20 km.

Vedlikehald og nye installasjonar:

- Ny parkeringsplass på slutten av 90-talet.
- I 2004 vart det installert innbrots- og røykvarslingsalarm knytt til alarmsentral.
- Installering av varmepumper og vifter i tak i 2004.
- Maling utvendig i 2005.



- Maling innvendig i samband med akustisk arbeid i 2006.
- Seinking av armatur i hovudskip til eit akseptabelt HMS-krav.
- Nytt lydanlegg i 2006.



Presteprosesjonen ved vigslinga av Hjelme kyrkje 1971. Ved visitasen er ho 35-årsjubilant. Bilete: Norwegian Pictorial Review.

Hjelme gamle kyrkje.

Kyrkja vart vigsla i 1875. Etter at Hjelme nye kyrkje kom i 1971, er ho ikkje lenger i aktivt bruk, anna enn til einskilte gudstenester, konsertar, enkelte bryllaup og jubileum i sommarhalvåret. Frå prestekontoret er avstanden 20 km.

Statoil, Norsk Hydro, Sparebanken Vest og Øygarden Kommune har løyvt pengar til vøling av kyrkja. Kyrkja er difor malt utvendig i 2005/2006. Siste året er det skifta ut ein del armatur. Det er vidare lagt ned elektrisk kabel som kan koplast mot ein større elektrisk varmeovn.

Det er teke opp drøftingar med Kystmuseet om eit samarbeid om kyrkja, og vi har snakka om permanent museum/utstilling i dåpssakristiet og bak i kyrkja. Kyrkjeavdelinga på Herdla museum kan vere stoffkilde.

Kyrkjeutstyr: Det er trong for mindre reparasjonar på den røde messehakelen. Det er ein tanke å deponere denne på muséet, og det er mogleg han kan reparerast. Han er no oppbevart på sokneprestkontoret. Det er óg trong for enkelt alterutstyr. Ein del kyrkjelege messebøker og liknande er teke vare på. Bilete av Biskop Indrebø fra sakristiet skal restaurerast. Grendalaget viser gledeleg interesse for kyrkja.

Sjå elles festskrift til 125-årsjubileet for Hjelme gamle kyrkje i 2000, forfatta av Egil Sæle. Sjå óg "Norges Kirker", Hordaland, hefte 2. Det er oppslag om alle kyrkjene på internett:

<http://www.stellamaris.no/kyrkj.htm>

Kyrkjegardar.

Blomvåg kyrkjegard vart opparbeidd i 1941 og seinare utvida fleire gonger. Den siste store utbygginga i nord var ferdig 2001, med 635 kistegraver, 531 urnegraver og 44 barnegraver. Det første feltet, A1, vil etter prognosen vera fullt i løpet av 2006.

Hjelme kyrkjegard vart opparbeidd og teken i bruk på slutten av 1940-talet. Seinare er han utvida fleire gonger. Etter prognosen vil noverande areal vera oppbrukt om 10 – 12 år. I den nye kommuneplanen er det sett av område til utviding. Prosessen med dette arbeidet er starta opp og vil koma inn på kommunens prioriteringsliste.

Hjelme gamle kyrkjegard er ikkje lenger i bruk, men vert halden i god hevd på same måte som dei øvrige kyrkjegardane.

Kyrkjegardsvedtektene finn ein her:

<http://www.stellamaris.no/kyrkj1.htm>

Gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Gudstenesteturnusen er frå 1968 og set opp 36 forordna gudstenester i kvart sokn pr.år. Kyrkjene har gudsteneste om lag annankvar søndag, med relativt god kyrkjesøknad. I ramma av Dnk sitt gudstenestefornyingsprosjekt 2005-2010 er liturgien "Den Store Lovsongen" og fleksibel bruk av eksisterande salmebøker innført, førebels ut 2007.

<http://www.stellamaris.no/eukp.htm>

<http://www.stellamaris.no/euky.htm>

<http://www.stellamaris.no/eukpfullst.htm>

Siktemålet har vore eit ønskje om å kunna stå friare med omsyn til valg av alternative liturgiske ledd, om eit breiare sang- og salmeutval, og større deltaking av friviljuge krefter i form av forsongarar og band. Det siste året har også ein musikalsk aktivitetsleiar vorte tilsett, som har som oppgåve å rekruttera ungdom til speling i band og opplæring i lydteknikk.

Det er laga utførlege vegleiingar for dei som skal ha dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd eller vil gå til skriftemål, nattverd, og/eller bli salva, sjå internett:

<http://www.stellamaris.no/dop1.htm>

<http://www.stellamaris.no/konf1.htm>

<http://www.stellamaris.no/bryll.htm>

<http://www.stellamaris.no/gravf.htm>

<http://www.stellamaris.no/skrifte.htm>

<http://www.stellamaris.no/euk3.htm>

<http://www.stellamaris.no/salv.htm>



Korte, trykte vegleiiingar finst for dåp, vigsel og gravferd, og er lagt ved denne meldinga.

Desse finst óg på nettet:

<http://www.stellamaris.no/kvds.htm>

<http://www.stellamaris.no/gflk.htm>

<http://www.stellamaris.no/viky.htm>

Forkynninga av Guds Ord.

Det er stort å få bere Kristi Mysterium til menneske, og vere nærverande med Det Heilage Evangeliet til menneske i ymse situasjonar. Kol.1,27.

Presten er kjend for fyldige preiker av den typen som vart halde i NRK-prosjektet 1999-2003. Ei radiogudsteneste vart halde i Blomvåg kyrkje i januar 2003.

<http://www.stellamaris.no/gakhj.pdf>

Men mest brukt, ikkje minst i kasualia er likevel enkle evangeliske preiker der vekta ligg på "den eine lina", som i Jesu siste ord på krossen, Sal.31,6.

Forvaltinga av dåpens sakrament.

Det vert sendt ut informasjon om dåp ved mottak av fødselsmelding. Ønskje om dåp vert meldt til sekretær eller prest. Deretter vert avtale gjort om dåpssamtale der så langt som mogleg begge foreldra deltek. Dåpssamtalen som vi legg vinn på skal vere konfidentsentrert har som siktemål at foreldra skal få "eiga" forpliktinga til at barnet heime skal få lære å be aftanbøn, bordbøn, og bruke Guds Ord(Barnebibel) og i kyrkjelyden få gå til gudsteneste, søndagsskule og kristent barne-og ungdomsarbeid.

Alt med Mark.10,13-16 og faldaren "Kva vil det seia å svara JA! på dåpsspørsmålet" som bakteppe.

4 dåp er maks tal pr.gudsteneste. Det vert lagt til rette for å legge dåp til faste gudstenester, men praksisen på dette feltet er open.

Dåpen er frå 2006 lagt fast til etter Gloria.

I 2005 vart det etter ønskje frå ein kristen familie og i samråd med biskopen halde dåp med full neddykking for ein søskenflokk som ikkje var døypt før. Grundig undervisning i den kristne trua var gjeve på førehand, Dåpen skjedde i bassenget på HTS-senteret og vart ei stor og flott oppleving.





Vegen. Frå Tips for konfirmantlæraren til "Gud ER", av prost Njål Klevberg.

I 1997 vart det i prestegjeldet strid om dåpsforvaltinga i relasjon til sambuarskap. Noverande sokneprest har i hovudsak same synet som Svein Morland stod for.

Framleis vil vi difor løfte fram ekteskapet mellom mann og kvinne som den gode og rette måten å leve saman på.

Vi seier i vegleiinga på nettet:

"Dåpspraksis

Det må ikkje råde tvil om at Guds gode vilje er at samlivet mellom mann og kvinne bare har sin plass innanfor ekteskapet si forpliktande ramme.

Når foreldra ikkje er gifte vil presten i dåpssamtalen gjerne danne seg eit inntrykk av korleis dei to ser på framtida, for å kunne gje dei eit best mogleg råd for vegen vidare.

Ikkje alle bør gifta seg, men om dei to det gjeld er glade i, og trygge på kvarandre, kan det vera godt å få tatt ei avgjersle.

Likevel kan dei kjenna på at å arrangera bryllup er ei stor økonomisk utteljing. Det finst likevel kreative løysingar som kan få den store dagen mykje nærare. Her kan vi gje råd om de ønskjer.

Vi ønskjer ei ordning ved døypefonten som kan hindra misforståingar om kyrkja sitt klassiske syn på ekteskap og samliv. Dersom det er ønskje om at ein av foreldra skal bera det fram til dåpen og svara på dåpsspørsmålet, må det vere gjort avtale om foreldreansvar med det offentlege.

Ta kontakt med oss dersom de har noko å spørja om!

KVEN KAN VERA FADRAR?

Ved dåpen skal det vera minst 2 fadrar til stades som vitne utanom foreldra, ikke meir enn 5 for kvart barn. Fadrane("gudforeldre", "gudmor", "gudfar") får oppdraget sitt av kyrkja, og må veljast med omtanke. Presten avgjer kven som kan godkjennast som fadder, og må sjå til at fadrane er døypte med kristen dåp, er kyrkjeleg konfirmerte, minst 15 år, og ta fadderoppdraget alvorleg:

Dåpsliturgien seier at

Fadrane skal

vera vitne om at barnet er døypt med den kristne dåpen, be for barnet, lære det å be sjølv, óg hjelpa det til å bruka Guds Ord óg nattverden, slik at det kan bli hos Kristus når det veks opp.

Fadrane bør vere medlem av Den norske kyrkja, eller andre kyrkjer vi har økumeniske avtalar med, og som har tilsvarende barnedåpspraksis.

Dette forutset fadrar som i liv og lære ønskjer å vere lojale mot den kristne tru og moral. Som menneske kan me alle koma til å gjera feile val. Her tenkjer me ikkje på skilnader i politiske standpunkt eller spørsmål Guds Ord seier det kan vere fleire syn på.

Men vi treng alle stundom å korrigerer kursen vår i tilhøve til den gode autoriteten me finn i Guds Ord. Dette kan sjøvsagt óg koma til å gjelda presten og dei andre som arbeider i kyrkja. Då er det godt for oss alle å tenkje på korleis Jesus Kristus møtte menneske, t.d. tollaren Sakkeus, (Luk.19,1-10) sjå óg Luk.15,1-7; 11-32, og Joh.8,2-11 .

Vi ventar likevel at dei som de ønskjer skal vera fadrar ikkje vitnar mot den kristne trua ved at dei medvite og aktivt lærer og lever i strid med Guds Ord og Kyrkja si vedkjenning. I gamal kyrkjelov sto det at fadrane skulle vere "ærlige og uberyktede folk."(NL 2-5-5) Aktuelle felt i dag som gjer at nokon ikkje bør veljast til fadder kan t.d. vera menneskesynet i det heile, når livet byrjar og når det endar, kva ekteskapet er; økonomisk urett, overgrep og valdsbruk, og utagerande rusbruk."

Krise, Gravferd og Sorg.

Kyrkja i Øygarden har ein lang tradisjon for å stå i førstelina ved krisehandtering og sorgarbeid, seinast særleg slik ved tunge ungdoms-og barnedødsfall i 2006.

Det vanlege mønsteret er at presten først vert varsla om ein krisesituasjon frå politi, Legevaktsentralen eller pårørande, ved "normale" dødsfall(ofte kriser for dei det gjeld!) óg frå gravferdsbyrå.

Varslingsansvaret ligg på politiet, men i dag går lensmann og prest ofte saman om denne oppgåva.

Kyrkja vert i den følgjande prosessen som regel sterkt involvert og går djupt inn i den aktuelle hendinga, med sjelesorg(sorgsamtale) i familie, på skulen, osb. Gode hjelparar har óg vore lege og sjukepleiarar med ymse spesialiseringar.



Prest eller kyrkjevevjerje har teke del ved mange bæreandaktar, men vi legg óg vinn på å oppdra lekfolk til denne tenesta.

<http://www.stellamaris.no/bare.htm>

Viktig er óg ei grundig førebuing av gravferd, og så langt det er ønskje om det, langsiktig oppfølging av dei sørgjande.

Det vert óg vist til presten sine oppgåver lagt på han gjennom ordinasjonen, dessutan Tenesteordning for kyrkjelydsprestar, §2.

Vår oppleving er at det er eit sterkt ønskje i Øygarden Prestegjeld at den lokale presten så langt råd vert involvert, men at beredskapstenesta i prostiet er bakvakt ved uttak av ferie-og fridagar.



Nyutnemnd sokneprest Einar Tesdal mellom bærene etter mineulukka på Heggøy ved Herdla kyrkja mai 1941. Foto: Havstrilen/BT?

Vigsel.

Det vert sendt ut informasjon om vigsel ved tinging av dette. Etter at det offentlege har prøvd ekteskapsvilkår, vert avtale gjort om vigselssamtale som vi legg vinn på skal vere konfidentsentrert. Dette fører ofte til djup og meiningsfull kommunikasjon mellom prest og dei som skal gifta seg. Biletet om teltet i Walter Trobisch si bok "Lykkens Telt" ("I married you") er forståeleg og dynamisk på mellommenneskjeleg basis, og kommuniserer samstundes djup kristen teologi om "mysteriet". (Ef.5.31-32) Viktig er óg ei grundig førebuing av vigselen.

Soknepresten vier ikkje fråskilde. Nokre problem ved dette er ikkje registrert.

Forvaltinga av nattverdens sakrament.

skjer ved gudstenester i kyrkjene, på Tednebakkane og i soknebod. Det er lagt vinn på å få til ofte, og regelmessig bruk av sakramentet, men nattverdprosenten i gudstenestene er framleis for låg, jfr. årsstatistikken. For få ber presten i soknebod, men eit lite tal på truande som ikkje kan koma til gudsteneste har faste avtalar.

Nykonsekrasjon er i bruk. Altarvinen er lettvinen Caritas, då vi har funne at Jungvinane ikkje er haldbare.

Sidan 2006 er intinksjon fast innført ved utdelinga under gudstenester med mange altargjestar.



"med kalken klar på alterbord..." (Domprost Gustav Jensen, NoS 225, v.4)

Skriftemålet

Er lite i bruk om vi tenkjer på det personlege skriftemålet. Utanom å forkynne fram skriftemålet, er det alment skriftemål ein gong for året for å auke forståinga for dette viktige nådemidlet.

Kyrkjeleg årsstatistikk for Blomvåg og Hjelme sokn.

Samanliknande statistikk for åra 1997 – 2005

Type	Sokn	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Døypte	Blomvåg	36	32	34	45	34	22	31	27	42
	Hjelme	16	11	5	21	17	7	17	15	21
Konfirmantar	Blomvåg	35	38	32	43	41	41	37	46	35
	Hjelme	17	12	17	11	11	13	14	8	8



Vigde	Blomvåg	13	7	5	7	7	16	12	6	10
	Hjelme	4	1	3	2	1	6	2	4	1
Gravlagde	Blomvåg	20	11	23	24	21	22	22	15	20
	Hjelme	24	13	19	16	11	14	16	13	19
Innmelde	Blomvåg				1	2	3	4	0	0
	Hjelme				0	0	0	0	0	0
Utmelde	Blomvåg	6	3	9	7	3	4	4	5	7
	Hjelme	3	1	2	3	0	0	5	1	2
Gudstenesteframmøte	Blomvåg	5313	5167	5230	5658	5468	3974(?)	5631	4323	4519
	Hjelme	3632	3605	3122	3986	2903	3782	3213	2769	2826
Nattverdgjester	Blomvåg	982	854	1224	849	890	992	1064	926	1047
	Hjelme	610	748	708	648	756	726	658	719	845
Kyrkjeoffer	Blomvåg Av dette til eige arbeid	93000	105000	103000	112209	113637	96783	96844	93.228 21.945	93.016 14.457
	Hjelme Av dette til eige arbeid	83000	83000	74000	82133	72279	75796	73246	77.849 11.026	96.749 20.575

Kyrkje-og prestekontor.

Kontora ligg i det moderne Helse-og Tenestesenteret som kommunen eig på Rong. Her har soknepresten kontorfellesskap med dei fleste av Fellesrådet sine tilsette. Kyrjekontora er særst tiltalande og har alle naudsynlege hjelpemiddel, med Labora som kyrkjeprogramvare. Embetsarkivet for soknepresten er restaurert etter gammal arkivstandard i 2003-2004.

Det er kontortid som i kommunen alle dagar mandag-fredag, kortare ved ferieavvikling. Soknepresten er mykje i felten, men er stort sett på kontoret tirsdag, onsdag og torsdag/fredag. Soknepresten har mandag som fridag, fridag nr.2 må vere fleksibel av omsyn til tenesta.

I same bygget held òg Lensmannen og dei kommunale helse-etatane til, men kommunen har vedteke flytting av sin administrasjon frå Tjeldstø til Rong, og frå 2007 vert dette bygget difor kommunehus for Øygarden. Kommunen vil skaffa nye lokale til kyrkje-og prestekontor, og har nett utlyst ei tilbodsrunde.

Kyrkjebokføringa

vert føreteke av sekretær Kari Sandøy Rong, delegert frå soknepresten, som er ansvarleg.

Prestebustad.

Det vart bygd eigen prestebustad i Blomvåg i 1968. Sokna var ikkje samde om plasseringa. Den vart nytta fram til 2003. Då Sokneprest Svein Morland slutta og flytta frå kommunen, gjorde Fellesrådet vedtak om å selja bustaden sidan han ikkje lenger var høveleg til prestebustad. Pengane av salet står på eigen konto i påvente av bygging av ny. Det er innkjøpt tomt til ny bustad i Rongområdet.

Vi må kunne slå fast at samvirke mellom embete og råd fungerer særst godt.

Råd og tilsette.

Blomvåg sokneråd periodane 1994-2009.

1994-1997:

Magnus Torsvik - leiar
Mons Arle Toft - nestleiar

Linda Blom
Ole A Vik
Karstein Rossnes
Kari S. Rong

Vararep:

Egil Martinussen
Olav Bøe
Reidun Dale
Gunn Henny Herdlevær

Kjellaug Solsvik - leiar
Øyvind Solsvik - nestleiar

Gunnar Solsvik
Gustav Landro
Bente Guntveit
Gunn Henny Herdlevær

Vararep:

Kjell Inge Jørgensen
Therese Hellesøy Birkeland
Roy Torsvik
Tone Cecilie Vik
Britt Helen B. Myren

1998-2001:

Gustav Landro - leiar
Jakob Blom - nestleiar

Ole A Vik
Mons Arle Toft
Jorunn S. Torsvik
Klara Oen

Vararep:

Gunn Henny Herdlevær
Solveig Blom
Geir Dale
Geir Jensen
Gunnar Solsvik

2002-2005

2006-2009:

Bente H. Guntveit - leiar
Olaug Merete Rong - nestleiar
Rannveig Vestbøstad Vik

Else Austbø
Geir Dale
Gustav Landro

Vararep:

Kjellaug Solsvik
Bjarte Vik
Øyvind Solsvik
Åse May Solsvik
Britt Helen Myren

Hjelme Sokneråd periodane 1994-2009.



1994-1997:

Ingebjørg Sæle -leiar
 Kjell Døskeland - nestleiar
 Olaug Skjold
 Normann Martinussen
 Anne Lise Narvestad
 Asta Hjelme Toska

Vararep:

Else Beate Rossnes
 Solveig Bekkenes
 Liv Lien Hatten
 Ingvard Svellingen

1998-2001

Kjell Døskeland - leiar
 Sissel Hellesøy - nestleiar
 Atle Dåvøy
 Kjersti Kårbø
 Ingvard Svellingen
 Bjarne Skjold

Vararep:

Else Beate Rossnes
 Normann Martinussen
 Solveig Bekkenes
 Hjørdis Hellesund
 Kristen Olai Fjeldstad

2002-2005

Frank Skjold - leiar
 Ingebjørg Sæle - nestleiar
 Atle Dåvøy
 Trygve Hellesøy
 Kjell Døskeland
 Annlaug Børve

Vararep:

Kari B. Solheimslid
 Steinar Hatten
 Hjørdis Hellesund
 Kristen Olai Fjeldstad
 Margunn Svellingen

2006-2009:

Atle Dåvøy - leiar
 Annlaug Børve - nestleiar
 Laila Øyen
 Kari B. Solheimslid
 Bodil Martinussen
 Kristen Olai Fjeldstad

Vararep:

Kjell Fjeldstad
 Astrid Rustad
 Unni Bekkenes
 Jon Steffen Ervik
 Olaug L. Hatten

Det har vore innleiande drøftingar om prøveordning med eit sokneråd i prestegjeldet, men framleis med to sokn.

ØKF/Øygarden kyrkjelege fellelsråd.**1996-1998:**

Mons Arle Toft(Blomvåg Sokneråd) - leiar
 Ole A Vik(Blomvåg Sokneråd)
 Ingebjørg Sæle(Hjelme Sokneråd) - nestleiar
 Kjell Døskeland(Hjelme Sokneråd)
 Ottar Vik(Øygarden Kommune)
 Svein Morland(repr. for Bjørgvin Biskop)

1998-2001:

Mons Arle Toft(Blomvåg Sokneråd) -leiar
 Jakob Blom(Blomvåg Sokneråd)
 Sissel Hellesøy(Hjelme Sokneråd) - nestleiar
 Kjell Døskeland(Hjelme Sokneråd)
 Ottar Vik(Øygarden Kommune)
 Svein Morland(repr. for Bjørgvin Biskop)

2002-2005:

Gustav Landro(Blomvåg Sokneråd) -leiar



Gunnar Solsvik(Blomvåg Sokneråd)
Atle Dåvøy(Hjelme Sokneråd) - nestleiar
Kjell Døskeland(Hjelme Sokneråd)
Ottar Vik/Gisle Rong(Øygarden Kommune)
Svein Morland/Svenn Martinsen(repr. for Bjørgvin Biskop)

2006-2009:

Gustav Landro(Blomvåg Sokneråd) -leiar
Kjellaug Solsvik(Blomvåg Sokneråd)
Atle Dåvøy(Hjelme Sokneråd) - nestleiar
Laila Øyen(Hjelme Sokneråd)
Gisle Rong(Øygarden Kommune)
Svenn Martinsen(repr. for Bjørgvin Biskop)

Tilsette pr.1.juni 2006.

Svenn Martinsen(tilsett av Den norske kyrkja, Bjørgvin Bispedømeråd)- sokneprest
2003(2002)-

Soknepresten har eiga internettside med diverse stoff og ressursar:

<http://www.stellamaris.no/sp.html>

Særleg kan nemnast alle preiker halde i Øygarden i presten si embetstid.

<http://www.stellamaris.no/preik.html>
<http://www.stellamaris.no/preik1.html>

og diverse vegleiing:

<http://www.stellamaris.no/hjst.html>

Soknepresten sine årsmeldingar finn ein her:

<http://www.stellamaris.no/arasm2002.pdf>
<http://www.stellamaris.no/arasm2003.pdf>
<http://www.stellamaris.no/arasm2004.pdf>
<http://www.stellamaris.no/arasm2005.pdf>

Tilsette av Øygarden kyrkjelege Fellesråd

Odd Normann Thormodsæter - kyrkjevevje
Synnøve Sandøy Voldsund- kyrkjelydspedagog(stilling omgjort frå kyrkjelydsprest
2004.) (morsperm. aug-05 tom juli 06)
Rannveig Vestbøstad Vik - vikar kyrkjelydspedagog (sept. 05 tom juni 06)
Anne Mette Risøy - vikar kyrkjelydspedagog (aug – des.05)
Anne-Lise Grøm - kantor (permisjon aug.05 tom juli 07)
Torgeir Landro - organist. (Vikariat aug 05 til juli 06)
Vegard Voldsund - musikkaktivitør
Kari Sandøy Rong - kontorsekretær (vikariat jan. 04 tom juli 07)
Kåre Kristoffersen - kyrkjetenar/gravar



Kari B. Solheimslid	- kyrkjetenar/ gravar. (Vikariat 90% aug. 04 tom juli 07)
Bjørn K. Solheimslid	- kyrkjetenar/ gravar. (Vikariat 10% aug. 04 tom juli 07)
Turid Toft Amenia	- kontorsekretær (permisjon juli 04 tom juli 07)
Janesh Amenia	- kyrkjetenar/gravar (permisjon juli 04 tom juli 07)
Ole A. Vik	-klokkar Blomvåg.

Bilete av dei tilsette finn ein på internett:

<http://www.stellamaris.no/stab.htm>

På barne-og ungdomssektoren har Fellesrådet sidan 2003 hatt samarbeidsavtale med Nordhordland Indremisjon og NLM/Bergen krins om ungdomsteam.

Dette året er det Solveig Rob, Trygve Skaug, Marianne Stensland, og Magnus Stokke, som gjer teneste mellom oss.

Arbeid for born og ungdom.

Sokneråda har vedteke planar for dåpsopplæringa,

<http://www.stellamaris.no/dop.htm>

og konfirmasjonstida:

<http://www.stellamaris.no/konf.htm>

1. Utdrag av dåpsopplæringsprogrammet.

Kyrkja i Øygarden har følgjande tilbod til alle som har dåp for borna sine:

Dåpssamtale

Samtalen skjer i heimen eller på prestekontoret.

Dåp

Barnet vert døypt og får dåpslys og dåpslysestake.

Ein månad etter dåp

Enkelt veggbilete med kveldsbøntrykk kjem i posten.

Eitt år etter dåp

CD-en "Hvem har skapt alle blomstene?" vert sendt heim til borna.

To år etter dåp



Toåringen saman med familie og fadrrar vert invitert til ei familiegudsteneste. Ein bordbrikke med teikning og bordbøn saman med eit bilete av dåpskyrkja vert delt ut på gudstenesta.

Tre år etter dåp

Bok vert sendt ut.

Fire år

Kyrkjebok vert delt ut på familiegudsteneste.

Fem år

Barnebibel vert delt ut. 5-åringane i Hjelme sokn vert inviterte til ei gudsteneste der denne vert delt ut, og 5-åringane i Blomvåg sokn vert inviterte til ei familiesamling på bedehusa i regi av søndagsskulane, der utdelinga skjer.

Seks år

Alle seksåringane som er døypte eller innmeldte i dåpsopplæringsprogrammet i prestegjeldet, vert inviterte til å bli med på dåpsskulen vår(felles dåpsskule for seksåringane i Blomvåg og Hjelme sokn) Det er fire samlingar, i tillegg til dåpsskuleavslutning i kyrkja på ei gudsteneste der elevane deltek. På dåpsskulen har vi temaer knytta til nokre av dei store kristne høgtidane jul, påske og pinse. Utanom bibelundervisning er det på kvar samling enkle symbolhandlingar knytta til dåpen og temaet for samlinga, mat, lek, song og ein formingsaktivitet. Omkring 12-15 seksåringar har delteke dei tre åra dåpsskulen har vore.

Alle seksåringane i dåpsopplæringsprogrammet – også dei som ikkje har vore med på dåpsskulen - vert inviterte til familiegudstenesta som er avslutninga for dåpsskulen, dei dei får utdelt ei bok som gåve frå kyrkjelyden sin.

1. og 2. klasse

Det har vore arrangert ”1.-2.klasse-leir” for 1. og 2.klassingane i prestegjeldet. I 2005 vart leiren arrangert på leirstaden Skjergardsheimen i Øygarden med 8 born i følge med ein vaksen. I 2006 vart leiren avlyst grunna for få påmelde. Det kan sjå ut som om det kan vere vanskeleg å få med seg så unge leirdeltakarar. Kyrkjelydene vil vurdere om ein skal gå tilbake til tilbodet om ein ”leirdag” i staden for. Det var lettare å få fleire 1. og 2.klassingar og deira føresette med på dette!

2-klassingane

får eit årsabonnement på eit kristent barneblad i gåve.

3.-4. klasse

3.klasse får tilbod om å vitje kyrkja saman med prest og/eller kyrkjelydspedagog.



Kvar haust vert alle som går i 3. og 4.klasse inviterte til å reise på leir(laurdag-sundag) på Skjergardsheimen. Det har vore god oppslutnad på desse leirane. Kyrkjelyden ønskjer at barn og unge i Øygarden tidleg skal verte introduserte for leirlivet og Skjergardsheimen som ein god leirstad – og at dei skal verte vane med – og glade i – det å vere på kristne leirar!

5. klasse

Alle 5-klassingar vert inviterte til ei **gudsteneste** der dei får utdelt Bibelen. Ikkje alle 5.klassingane møter opp på ei slik gudsteneste. Den som ikkje gjer det, får Bibelen av barnearbeidar frå kyrkjelyden som vitjar skuleklassane ein **skuletime** om hausten. Denne skuletimen får dei ei kort innføring i korleis dei kan finne fram i Bibelen sin. Denne skuletimen vert samstundes ei førebuing til kurset dei får seinare same skuleår, nemlig **”Vandring gjennom Bibelen for Barn”**.

5-klassingane vert og inviterte til å bli med på ein ”5-klasseleir” på Skjergardsheimen vårsemesteret i 5-klasse. Denne leiren har og ”Bibelen” som tema. Leiren varer frå fredag til sundag.

6.-7. klasse

6. og 7.klassingane vert inviterte til å bli med på leir på Skjergardsheimen ei helg om hausten. Oppslutnaden om leirane er svært god!

8.-10. klasse

Alle elevar i ungdomsskulen vert inviterte til å bli med på ”8-10.klasseleir” på Skjergardsheimen kvar haust. Her er óg oppslutnaden god. Vi gjev tilbod om vitjing av 8.klasse og 10.klasse.

Alle 9.klassingar vert inviterte til å ta del i konfirmasjonsopplegget i kyrkjelydane våre. Konfirmasjonstida strekkjer seg frå september til april/mai.

Teneste i gudstenesta

Kyrkjelydane ønskjer å innføre ordning med born som gjer teneste som ministrantar i gudsteneste.

2.Konfirmasjonstida.

Konfirmasjonstida strekkjer seg frå september til april/mai. I denne tida er det jamnleg undervisning og deltaking i gudstenesta.

Vi ønskjer å legge til rette for 45 samvær for konfirmantane i løpet av konfirmasjonstida og 8 av desse er gudstenester.

I tillegg til gudstenestene vert det 15 ulike undervisningssamvær(2 x 45 min) frå september – april

På to temasamlingar, ein på hausten og ein på våren, er alle konfirmantane samla. Konfirmantforeldra vert anten inviterte til å verte med på ein av desse temakveldane, eller dei vert inviterte til ein eigen temakveld berre for konfirmantforeldre.



Undervisninga er lagt til ettermiddagtid i kantina på Helse- og tenestesenteret på Rong. Kvar samling varar frå kl. 14.15-16.30. Vi byrjar kvar samling med å ete i lag ca. klokka 14.15. Sjølv undervisninga tek til ca 14.45. Konfirmantåret 2005/2006 var det 64 (av 78 niendeklassingar) unge som val konfirmasjon. Konfirmantane var delte i tre klasser, og dei møttest annakvar veke. Hovudansvarleg for konfirmantarbeidet er kyrkjelydspedagogen, i samarbeid med andre tilsette. "Andre tilsette" vil dei siste åra hovudsakleg seie fire ungdomar i "team Øygarden", eit team som vert skifta ut kvart år med nye utsendingar frå Misjonssambandet. At det har vore så mange engasjerte i konfirmantundervisninga har gjort det mogleg å drive vekselvis undervisning i plenum og smågrupper/samtalegrupper, noko både konfirmantar og dei ansvarlege for undervisninga har opplevd som meningsfullt. "Ungdoms-alpha" har vore prøvd ut som undervisningsopplegg med svært god respons.

"Valfrie" tilbod – konfirmantane vel ein av dei fylgjande aktivitetane som skal inngå som ein del av deira konfirmanttid og opplæring i den kristne tru. Dei unge kan sjølvstilt velje å vere med på fleire av desse aktivitetane, men må vere med (minst 6 gongar i løpet av året) på éin av dei.

Her har vi tenkt at konfirmanten meir får velje i tilhøve til interesser. Kyrkjelyden ynskjer for konfirmanten at han/ho finn ein plass han/ho også vil vere med når konfirmanttida er slutt.

Alternativ her er:

- 1) Øygarden Gospel
- 2) KRIK
- 3) Fredagsklubben på Nautnes
- 4) Ichty's: Ungdomstreff på Vik bedehus
- 5) Konfirmantweekend (denne kostar omkring 700 kr)
- 6) Bibelgruppe
Annankvar veke
- 7) Fire ekstra gudstenester

Teneste i gudstenesta.

Kyrkjelydane held på å innføre ordning med konfirmantar som gjer teneste på ulikt vis i kvar gudsteneste. Dette siste året har konfirmantane først og fremst vore kyrkjevertar. Soknepresten og sokneråda har ynskje om å utvide ordninga, slik at konfirmantane i større grad også vert liturgiske hjelparar og vert meir engasjert i det tekniske (t.d ansvarleg for lyd og powerpoint i gudstenesta), i det musikalske (som forsongarar og musikantar), i arbeidet rundt barnesamlingane under gudstenesta og i det praktiske arbeidet rundt t.d kyrkjekaffe). Tilbakemeldinga frå konfirmantane er eintydig; dei set pris på å vere med å hjelpe til i gudstenesta! Og gudstenestene vert rikare når dei unge gjer teneste. Slik vonar ein og at konfirmantane ynskjer å fortsette sitt engasjement i gudstenestene også etter at deira eigen konfirmanttid er over. Ei



utviding av ordninga med at konfirmantar og friviljuge gjer teneste i gudstenestene vil krevje vilje til prioritering, god kommunikasjon og felles planlegging hjå både tilsette og friviljuge arbeidarar.

Solidaritetsaksjon.

Konfirmantane er med på ein innsamlingsaksjon/solidaritetsaksjon i løpet av konfirmanttida. I år samla konfirmantane inn pengar til Strømmestiftelsen sitt arbeid for skule for barn og unge i Mali. I planlegging og gjennomføring av aksjonen er også sokneråda og konfirmantforeldre(sjåførar/matlaging/diverse organisering) engasjerte.

Konfirmantweekend.

På konfirmantweekenden ein gang i året pleier om lag tre firedelar av konfirmantkullet å verte med. Dei siste åra har ein nytta Sætervika ungdomssenter i Tysse som leirstad.

Konfirmantsamtale.

Kyrkjelydspedagog har i løpet av konfirmanttida ein personleg samtale med kvar enkelt konfirmant. Det er satt av om lag 20-30 minuttar til ein slik samtale. Samtalane varierar naturleg nok i innhald, men ein legg vekt på å gje konfirmanten rom for å ta opp det han/ho måtte ønskje. Samtalen er også meint som ein arena der ein går gjennom korleis konfirmanten opplever konfirmanttida og trua, og der ein også går gjennom korleis konfirmanten ligg an i tilhøve til sine forpliktingar som konfirmant.

Alle konfirmantane får eit års abonnement på det kristne ungdomsmagasinet "Ungdom og Tiden".

I 2005/2006 vart 64 av 77 i ungdomskullet konfirmert, 83%. Talet er lågare dette året, 58 av 73 er påmeldte, ein % på 79.

Oversyn over det friviljuge kristne barne-og ungdomsarbeidet:

<http://www.stellamaris.no/dop3.htm>

Her er barna velkomne:

Blomvåg sokn

Toftøy

Vik søndagsskule på Vik bedehus frå 3 år. Annankvar søndag.

Vik søndagsring på Vik bedehus frå 9 år. Annankvar søndag.

Barnekoret Lyskastaren på Vik bedehus frå 3 år Annankvar mandag. NLM.

Vik barnelag/Jenteforeningen på Vik bedehus frå 5 år. Annankvar onsdag. NLM.

Gutt'n på Vik bedehus frå 5 år. Annankvar onsdag. Normisjon.

Yngres/fredagsklubben på Vik bedehus frå 10 år. Annankvar fredag.



Rong

Rong søndagsskule på Rong bedehus frå 3 år. Annankvar søndag.

Rong søndagsring på Rong bedehus frå 9 år. Annankvar søndag.

Blomvåg

Blom søndagsskule på Blom bedehus frå 3 år. Annankvar søndag.

Blom søndagssring på Blom bedehus. Frå 9 år. Annankvar søndag.

Barnelaget Blink på Blom bedehus frå 4 år, annankvar onsdag kl 17.00-19.00.
NLM.

Oen, Breivik og Herdlevær

Oen søndagsskule Oen bedehus. Frå 3 år. Annankvar søndag.

Onsdagsklubben Oen bedehus annankvar onsdag kl 17.30-19.00.

Hjelme sokn

Tjeldstø søndagsskule på Tjeldstø bedehus frå 3 år. Annankvar søndag.

Tjeldstø søndagsring på Tjeldstø bedehus frå 9 år. Annankvar søndag.

Sæle og Hellesøy søndagsskule på Hellesøy bedehus frå 3 år. Annankvar søndag.

Sæle og Hellesøy søndagsring på Hellesøy bedehus frå 9 år. Annankvar søndag.

Nautnes kr u-klubb på Nautnes bedehus 10-12 år, kl 19-21 kvar siste fredag i månaden.

Øygarden barnekantori i Hjelme kyrkje frå 8 år. Ligg for tida nede då kantor har permisjon.

Barnedagane haust og vår

Kvar haust og vår satsar kyrkjelydane saman med friviljuge barnelagsleiarar på å samle barn frå heile Øygarden til 3-4 dagar med fokus på Jesus og misjon, leik, song, dramatisering frå Bibelen, formingsaktivitetar, mat og fellesskap. Barnedagane samlar omkring 60-70 barn, og er eit samarbeid mellom Norsk Luthersk Misjonssamband, Indremisjonen og kyrkja.

For unge i begge sokna

Ichtyis på Vik bedehus annankvar laurdag frå klokka 20.00.

Nautnes kr u-klubb på Nautnes bedehus. Frå 13 år, frå klokka 21.00 kvar siste fredag i månaden.

KRIK på Toftøy skule kvar fredag frå kl 19.00.

Øygarden gospel i Blomvåg kyrkje frå 8. klasse, kvar måndag kl.19.00-21.00.

Øygarden kr.skulelag på Øygarden ungdomsskule, kvar onsdag kl 11.00-11.30.

Bibelgrupper for ungdomsskuleelevar. Annankvar veke, ei bibelgruppe for jenter og ei bibelgruppe for gutar. Gruppa møtest heime hos leiar eller heime hos ungdomane.

Leiarkurs. Barnearbeidar har dei siste åra arrangert leiarkurs for ungdomsskuleelevar 3 kveldar kvar haust, med praksis som leirleiar eller barnelagsleiar.

Diakoni og evangelisering, arbeid for vaksne.



Det er månadlege eldretreff i begge kyrkjelydane. I begge sokna er det ein eigen komité nedsett av sokneråda som står for organiseringa av treffa; i Blomvåg sokn på Tednebakkane bu – og omsorgssenter(TBOS) ein torsdag i månaden, og i Hjelme sokn i i Hjelme kyrkje ein torsdag i månaden.

Utanom dei faste gudstenestene har ikkje kyrkjelydane anna arbeid blant vaksne som sokneråda/kyrkjelydane har direkte ansvar for.

På Tednebakkane Omsorgssenter på Rong gjer soknepresten teneste med regelmessige andaktar og gudstenester. Her er ein naturleg kultur for å tilkalle presten i soknebod.

Ein har forsøkt å få i gong besøksteneste, sjå

<http://www.stellamaris.no/dioyfold.htm>

Krise-og sorgsituasjonar kjem til oss alle. Normalt inneber desse ikkje sjukdom som treng spesialistar på ymse felt, men lokalsamfunnet har trong for gode hjelparar som vil investere tid og krefter i å lytta til andre si sorg og smerte. Her har gode nabofellesskap i bygdene vore til god hjelp i generasjonar.

Sokneråda har vedteke plan for diakonien:

<http://www.stellamaris.no/dia.htm>

Diakonien er likevel utan tvil prestegjeldet sitt svake punkt. Dette var ein av årsakane til at sokneråda vurderte eit samarbeid med den no nedlagte ungdomsklubben ”Hølo” i 2004-2005. Vi seier oss leie for at rusmisbruket mellom ungdomane ser ut til å auke.

Prestegjeldet har leirskulen/leirstaden ”Skjærgardsheimen” som er eigd og driven av sokneråda og Nordhordland Indremisjon.

<http://www.skjergardsheimen.no>

Sjå óg Skjergardsheimen sitt jubileumshefte 2005 som er lagt ved.

Det er 15 bedehus rundt om i bygdene i prestegjeldet, som er sterkt prega av friviljug lekmannsarbeid med konservativ farge. Misjonssambandet(Bergen krins/Øygarden Misjonssamband) sitt arbeid står sterkast, men Indremisjonsforbundet (Nordhordland Indremisjon) og Normisjon er óg representert. Det er óg spor av ein del gamal kyrkjefromhet, samt noko moderne karismatikk. Noko reformert teologi fins. Presten som skal gjere teneste i Øygarden bør ha stor forståing for det kristne lekmannsarbeidet, og ha evne til å formidle tradisjonell kristen tru både i forkynning og sjelesorg.

<http://www.stellamaris.no/bedehus.html>



Ein stor del av kyrkjelyden er engasjert i arbeid og aktivitetar med utspring i dei lokale bedehusa. Her er stor aktivitet med bibeltimar, bibelgrupper, cellegrupper, manns- og kvinneforeiningar, misjonsforeiningar, bønegrupper,

<http://www.stellamaris.no/bkort.html>

korggrupper og anna. Øygarden har sendt ut, eller støttar 5 misjonærpar. Mellom desse er Anita og Hølje Haugsjå som arbeider for Normisjon mellom Malinkéfolket i Mali.

<http://www.stellamaris.no/misj.html>

Samarbeidet med den offisielle kyrkja er godt, men det er tydeleg at kyrkjesituasjonen har fått mange til å vurdere sitt tilhøve til kyrkja. Truleg vil dei fleste vente på kyrkjemøtevedtak i homofilisaka før dei tek ei endeleg avgjersle om tilhøvet sitt til Dnk. Men alt no er det tydeleg at både problematisering av situasjonen og ei sjølvstendiggjering er på gang. Det er all grunn til å ta desse signala særskilt alvorleg.



Påskemåltid i Hjelme kyrkje 2003.

Skule-kyrkje-samarbeid.

Blomvåg har fire opplæringssentra: Toftøy, Rong, Blomvåg/Breivik og Øygarden Ungdomsskule. Hjelme har eit opplæringscenter: Alvheim/Bakken. Ansvaret for kontakten med desse ligg til kyrkjelydspedagogen, men soknepresten leier skulegudstenestene.

Kyrkjelydane v/kyrkjelydspedagog inviterer til gudsteneste i kyrkjene før jul. Skulane vert oppfordra til å kome med innspel og til å delta på ulikt vis. Planleggingsmøte med representantar frå skulane og kyrkja på kyrjekontoret i god tid før gudstenestene.



Kontakten med skulane i kommunen opplever kyrkjelyden som positiv. Potensialet er like fullt utvilsamt stort når det gjeld ei utviding av samarbeidet skule-kyrkje. For meir informasjon om skule-kyrkje-samarbeidet, sjå punktet som omhandlar dåpsopplæringa og dei ulike fasane over.

Barnehage-skule-samarbeid.

Barnehagane, både dei private og dei kommunale, er kvart år før jul samla til gudsteneste i ei av kyrkjene.

Til påske og sommar er det berre dei barnehagane som sjølv tek initiativ til det, som vitjar kyrkja. Potensialet til ei utviding av kontakten er også på denne arenaen stor. Det vart før påske i år gjennomført ei påskevandring i Hjelme kyrkje med ein av barnehagane. Responsen var svært positiv, og konseptet kan utviklast om ein i framtida ynskjer – og finn ressursar til - å prioritera kontakten med, og formidlinga av evangeliet til barnehagebarna.

Media.

Kyrkjevevje og kyrkjelydspedagog har ansvar for kyrkjebladet "Øynytt", som går til alle husstandane i sokna. Årgangane 2005- kan lastast ned frå internett som .pdf filar her:

<http://www.stellamaris.no/oyn.html>

Soknepresten har ansvar for internettsidene.

Opptak av gudstenesta i Hjelme med tanke på framsyning på Tednebakkane har førebels stoppa opp.

Kyrkjemusikk.

Kor tilknytt kyrkjene.

Øygardskoret (for vaksne) øver i Blomvåg kyrkje og Øygarden barnekantori øver i Hjelme kyrkje. Begge kora ligg no på is medan kantor Anne Lise Grøm har to års permisjon, (aug.2005 - aug. 2007)

Øygarden Gospel (for ungdom) øver i Blomvåg kyrkje og dirigent er kyrkjelydspedagog Synnøve Sandøy Voldsund.

Frivillige musikalske krefter.

Hellesøy musikklag, Lyskastaren, Jubelkoret, Vik mannskor, Rong brass, Bakken, - Toftøy,- og Blomvåg- skulemusikk, Vik b-band og andre musikkgrupper. Vi har óg deltaking med solosong, fiolin, kornett og andre instrument.

Kyrkjelydane set stor pris på alle som deltek med song og instrumentalmusikk både til gudstenester og konsertar.

Instrumenta i kyrkjene.



I Hjelme kyrkje er orgelet frå Vestlandske Orgelverkstad, bygd i 1971 med 16 stemmer. Det har skrantar mykje. Orgelet trong kriseløysing og vart reparert av Jan Egil Vågsholm i des. 1991. Grønlund orgelfabrikk gjennomførte seinare ei omfattande utbetring i 1994, mellom anna vart fagottstemma skifta heilt ut. No fungerer orgelet fint, sjølv om lyden vert noko svak når kyrkja er fullsett.

I Blomvåg kyrkje står eit godt orgel bygd av Grønlund i 1993 med 16 stemmer. Grønlund utfører vedlikehald på begge orgla annakvart år. Hjelme kyrkje fekk Petrof flygel i 1997. Frå før er det eit Grøndahlpiano der. Blomvåg kyrkje har Schimmel piano, og det siste året er det kjøpt inn eit Yamaha digitalt flygel. Begge kyrkjene har akustisk gitar. Det er og kjøpt inn musikkutstyr til band.

Kantor/Organist.

Anne Lise Grøm har vore tilsett som kantor sidan 1990. I skuleåret 2005 / 2006 har Torgeir Landro vore tilsett som vikar i delar av stillinga. John Solsvik har i mange år spela til gudstenester som vikar når kantor har fri. I 2006/2007 deler Grøm, Solsvik og Vegar Voldsund på oppgåva.

Konsertverksemd.

Det har vore arrangert rundt rekna 10 konsertar kvart år i kyrkjene, inkludert Hjelme gamle kyrkje, med ulike musikkstilar. Dei fleste har vore arrangert av kyrkja i Øygarden, men det har òg vore konsertar med andre arrangørar.


Lyd og musikk i samspel

er eit nytt og spennande prosjekt. Det har som mål å samle saman ungdom til speling i band og lydteknikk, til bruk i kyrkjene. 15 personar er med så langt, leia av Vegar Voldsund, som er tilsett i ein prosjektstilling under ØKF for å ta seg av denne opplæringa.



Maria og Johannes ved krossen til Jesus. Gamalt ikon.

KAPITTEL 4 STRATEGISK UTBLIKK



1. Bygging av ei merkevare frå Øygarden-Kyrkjeleg Vestavind. Ein meditasjon.

Mykje vestavind og mykje regn er ei typisk vermelding for Vestlandskysten. Vi ønskjer at det og skal blåse friskt frå Øygardskyrkjelydane.

*Den raude fargen i logoen vår er Gud Heilaganden sin farge.
Han kjem og med vind og regn!
Men óg med sol!
Han tiner, reinsar, nærer og varmer.
Han kjem med vekkjing, nytt liv, og ny kraft til oss og kyrkja i Norge frå vest.
Kyrkjeleg vestaver!
Ei merkevare frå Øygarden!*

Øygarden Prestegjeld sin logo er inspirert av eit motiv i den kvite serien i dei nye kyrkjetekstilane som kom på plass i Blomvåg kyrkje i 1999. Formgjeving var ved biletkunstnar og tekstildesignar Greta Rimington, Son. Logoen er hausten 2004 vidareutvikla ved A5 Reklamebyrå, Sotra. Den rommer sentrale kristne motiv som gjev mange almennkyrkjelege og lokalkyrkjelege assosiasjonar:

Fisken-”Ichty”: Gresk, kjend frå den første kristne kyrkja. Bokstavane står for: JESUS-KRISTUS-GUDS SON-FRELSAR. Nyttå som kode i forfølgjingsstider..

Fisk og Kval: Folket i Øygarden Prestegjeld sin leveveg. Kvalfangst basert på Blomøy. Får oss og til å tenkje på profeten Jona si gjerning og som førebilete på Kristus. Jesus kallar fiskarar til menneskefiskarar. ”Fiskarane sin teologi.”(Gregor av Nyssa) Jona 2,11; Matt. 4,18-22; 12,40



Ichty. Detalj av preikestolen i Blomvåg. Bilete: Arkivet.

3 Fiskar og 3 Brød: Eukaristisk(Nattverd-)symbol etter Jesu under og undervisning om Livsens Brød i Evangeliet etter Johannes kap.6. Dei tre kyrkjene i Øygarden: Blomvåg, Hjelve og Hjelve Gamle.

Brødet: Det eine brødet og den eine Kristi lekam. Ei heilag, apostolisk og allmenn kyrkje. Samling mellom dei truande på apostlane og profetane sin grunnvoll.

1.Kor.10,16-17

Trekanten: Den Tre-Eine Gud: Faderen, Sonen og Heilaganden.

Auge: Gud har all makt, og ser alt.

Øyar: Bibelsk omgrep. Øygarden. "Nord om Svelgen." Øygarden(tidlegare Herdla) Prestegjeld.

**Syng ein ny song for Herren,
lovsyng han frå heimsens endar,
de som ferdast på havet,
og alt som fyller det,
de øyar og strender
og de som bur der! Jes 42,10**

Fargar: Dei mest vanlege 4 fargane frå Kyrkja sitt heilage år:

Fiolett: Advent, Faste, Bot og Skriftemål.

Kvit: Høgtidene Jul og Påske, Påsketida, Fest, Ekteskap, og Dåpens Sakrament.

Raud: Pinsehøgtida. Jonsok, Olsok. St.Stefanus. Heilaganden, Vitnemål, Nådeåver, Konfirmasjon og Misjon. Heilaganden: Kyrkjeleg Vestavind.

Grøn: Kristi vokster i oss(Openberringstida) og vår vekst i Kristus(Treeiningstida).

Sirkelen: Gud er frå Æve til Æve. Vi er kalla heim til Hans Himmelske Rike.

Ringen: Bruden(Kristi Kyrkje) sin truskap mot Brudgomen(Kristus). Ein rett biskop sin truskap mot Kristus og Kyrkja.

Ein gullring blant striler: Bisperingen som vart funnen på Kyrkjøyni, Hernar 1944. Øygarden Prestegjeld si tilknytning til keltisk kristentru, St.Magnus-tradisjonen på Orknøyan, kyrkje-og kristenliv i Nord-Europa, på andre sida av Nordsjøen og Atlanterhavet, i UK, Irland og Nord-Amerika, og den store kristne tradisjonen, grunnlagt på apostlane sitt vitnemål om Kristus i Guds Heilage og Sanne Ord.

Kyrkjeleg vestaver!

**Herren er konge!
Jorda skal jubla,
øyar og strender ... ventar på hans lære. Sal.97,1+Jes.42,4**

Sjå og Jes.42,12; 49,1; 60,9

Frå <http://www.stellamaris.no/oylogo.htm>

2.Kyrkjeleg Vestavind. Tilhøvet til Den norske kyrkja.



Mange truande i Øygarden har med sorg sett utviklinga i Den norske kyrkja sidan 1990, då Kyrkjemøtet vedtok at det ville vere ein rikdom med ein kvinneleg biskop. I 1992 kom utnemninga med kyrkjestatsråden sine ord: "Det var Kongen som førte an, kirken fulgte etter."

I 1994 kom vedtaket om kyrkjebot, som mange stader har nøytralisert den lokale presten sitt høve til å nytta kyrkjetukt i sjelesorga.

Sakte, men sikkert har så utviklinga gått mot "to syn" i homofilisaka. I 1995, 1997 og 1999 var spørsmålet oppe på bispe-og kyrkjemøta. Prost Asle Dingstad i Larvik hadde alt i 1995 av same grunn brote med sin biskop, men fekk, med unntak av professor Tjørhom og biskop Odd Bondevik sitt mindretalsvotum ikkje medhald i Lærenemndsaka-2000, "Tunsbergsaka". I Hamar bispedøme vart Siri Sunde gjeninnsett i 1999.

Vegleiarane i tidlegare SKG, Samråd på Kirkens Grunn, sette ord på situasjonen i 1999 og 2000:

<http://www.stellamaris.no/kirkebot.htm>

<http://www.stellamaris.no/veivalg.htm>

<http://www.stellamaris.no/trolyd.htm>

Det er ikkje vanskeleg å skjønna at Dingstad kjende det slik at han måtte forlate kyrkja, sjølv om han nok var den framste kandidaten til det alternative bispeembetet som Tjørhom/Bondevik gjorde framlegg om, og som det nok er kyrkjerettsleg basis for, om politisk, –og god vilje fins, med den positivistiske kyrkjeretten som rår i dag.

Leiinga i Øygarden Prestegjeld, med tilslutning av mange av dei truande, deler i all hovudsak vurderinga til Dingstad og kolleger av situasjonen i Dnk, men vi er óg klære på at vi har eit ansvar for "Kari på haugen" og "Ola på neset", som nok vil finne det vanskeleg å forlate Den norske kyrkja.

Likevel ønskjer prestegjeldet å finne ein utveg frå den vanskelege situasjonen i Den norske kyrkja.

Av omsut for dei vi har ansvar for er det difor sidan 2002 vore tenkt og bede mykje om eit "indre oppbrot" er mogleg. Og her er det kyrkjerett det gjeld først og sist.

Vi markerte oss alt i stat-kyrkjehøyringa "Same kyrkje-ny ordning" 2002:

<http://www.stellamaris.no/skno.htm>

Her gjekk vi óg inn for ny ordning for Dnk, alternativt tilsyn(slik Bjørgvin Biskop då var med å gje framlegg om), valkyrkjelydar og løysing av sokneband.

Vi ba óg om ein samtale med Bispemøtet i 2004. Denne vart ikkje av, men det har vore fleire uformelle kontaktar med tre bispar om situasjonen.

Etter Lærenemnda-2006 sin uttale vart lagt fram 20. januar, har begge sokneråda etter grundige samtalar på 3 møte, og høyring på årsmøte



gjort kvart sitt vedtak der det vert fokusert på seinare preste-og bispeval, og reist spørsmålet om ein kan ha gudstenestefellesskap med dei som vil innføre ny lære i kyrkja. Dette har óg representantar for bedehus og kristne organisasjonar i prestegjeldet gjeve tilslutning til.

Sokneråda i Øygarden

1. ønskjer framleis at Øygarden prestegjeld skal vera ein del av DnK.
2. tek til etterretning resultatet av den prosessen som har vore på to soknerådsmøte og eitt årsmøte dette året. I det vidare arbeidet med saka vil soknerådet måtta vurdere forskjellige modellar for brot i gudstenestefellesskap (Sjå lærenemnda 2006, kap. 4 – oppsummering pkt. 9, s. 136.)
3. (vil) måtta fokusere på neste sokneprest- og bispeval. (Viser til mindretalet i lærenemnda 2000: Særuttale av professor Ola Tjørhom og biskop Odd Bondevik. – punkt X, konkluderende merknader)
<http://www.stellamaris.no/tbsaken.htm>
4. (meiner at) fleire kyrkjerettslege spørsmål difor vert viktige å løysa framover.

Dessuten vert det sagt at ”drøfting med dei frivillige kristne organisasjonane i Øygarden må gjennomførast med tanke på vegen vidare.”(vedtak 260406 og 270406)

Drøftingsmøtet fekk stor tilslutning frå representantar for bedehus og friviljuge kristne organisasjonar. Ei sams uttale vart resultatet av møtet:

”Som leiarar i den offisielle kyrkja, dei friviljuge kristne organisasjonane og bedehusa i Øygarden deler vi stor uro over situasjonen i Den norske kyrkja i samband med Lærenemndsakene 2000 og 2006. Vi har difor hatt møte om saka på Rong 23.mai 2006.

Vi vil uttrykkje klårt og tydeleg at Øygarden prestegjeld ”vil strida for den trua som ein gong for alle er overgjeven til dei heilage.”(Jud.3b) Vi vil difor stå fast på, og vise ”trua sin lydnad”(Rom.16,26; 2.Kor.10,4b-5) mot Guds Ord og Vedkjenninga, og arbeide for at klassisk kristen tradisjon skal gjelde i lære og liv i Øygarden både i dag og i komande slektledd.

I høve den komande bispevisitasen vil vi difor understreke soknerådsvedtaka i Blomvåg og Hjelve sokn 26.og 27.april 2006 som gode vegvisarar for naudsynlege tiltak i situasjonen.”

Sokneprest og sokneråda ønskjer ”å følgje boka” og neste skritt kjem då naturleg, nemleg å drøfte situasjonen med biskopen under visitasen.

Særskilt frå soknepresten:

Eg opplever at eg er kome heim etter at eg vart kalla som sokneprest i Øygarden 2002. Eg trivst godt med å vere landsbyprest, kjenner at eg har gode relasjonar til kyrkjefolket og fungerer som hyrding for folket, i spora til større prestar enn meg, som Einar Tesdal og Knut Hernes.



Eg har saman med mange gode prestebroðre opplevd å betale tungt for min klåre teologiske profil og kjenner både på sorg og sår når eg ser attende på delar av mi historie. I dag er mykje av dette gjennomarbeidd. men når eg ser på framtida for prestar med klassisk kristen teologi, ser eg mange utfordringar som kjem til å koste.

Eg ser med særstor uro på ei framtidig kyrkje med to parallelle syn på homofilisporaålet, noko eg deler med det store fleirtalet av kyrkjefolket i Øygarden. Dersom kyrkjemøtet i 2007 godtek dette, reknar eg med at eg vert prest i Øygarden "utan kyrkjelyd".

Derfor er det naudsynt etter mi meining at det vert ordinert alternative biskopar, og eg ber om at biskopen i Bjørgvin saman med andre gode krefter syter for så skjær.


Det er ingen av oss som har "rett til" tenesta i Guds Rike, Luk.17,7-10. Likevel meiner eg heilt klårt at det i kyrkja skal finnast ein arbeidsrett som i noverande kyrkjesituasjon kan danne grunnlag for eit nytt kyrkjeleg rom for oss med klassisk kristen teologi.

Den dyktige og klårttenkjande unge soknepresten i Ulvik, Dag Øivind Østereng, har tidlegare i år skrivne to særst interessante artiklar om kyrkjesituasjonen, der òg spørsmålet om eit nytt kyrkjeleg rom vert teke opp:

<http://www.stellamaris.no/delt.htm>

<http://www.stellamaris.no/delt2.htm>

Tema for denne visitasmeldinga: "Klar til forhaling", ønskjer å fange opp denne saka på "strile-mål." Kyrkja i Øygarden skal vera nett den same båten som før, men treng ny kaiplass!



Annonse for Øygardsbåtane frå årbok for Bergen Turlag, 1948.

Kommunionsspørsmålet er elles eit viktig tema i denne samanhengen, noko eg ønskjer å halde fram i drøftingane med biskopen.

Korleis ein kunne gå fram, er sagt noko om her:

<http://www.stellamaris.no/altbisk.htm>



Eg trur ikkje dette treng gå på tvers av det å vere ei god folkekyrkje. Det vil eg påstå at vi verkeleg er i Øygarden, med god kontakt med dei fleste menneske og låge tersklar. Samstundes er det mi sterke erfaring at folk ventar at både kyrkja og presten står på det som kyrkja alltid har stått for, og at dette vekkjer respekt, sjølv om dei kan vera usamde i einskildspørsmål.

For stoff om ein liknande situasjon i andre kyrkjer som Church of England og ECUSA, og korleis dei som vil vere klassisk kristne der ønskjer løysingane:

<http://www.forwardinfaith.com/>
<http://www.fwepiscopal.org/>

Endeleg både formaning og trøyst i ei ordinasjonspreike av Biskop Bo Giertz:

<http://www.stellamaris.no/komlaoss.htm>

Øygarden Prestegjeld ønskjer altså særlege ordningar i kyrkjesituasjonen.



Englandskaaien, Hernar. Herifrå ferga "Shetlands-Larsen" og andre nordmenn frå motstandskampen under siste krig til fridom i England-og skaffa utstyr til motstandsørsla.

3. Kyrkjeleg Vestavind- Den Store Lovsongen.

Prosjektet *Den Store Lovsongen*, har vore eit kreativt samarbeid mellom sokneprest, organist og sokneråd.

I 2004 og 2005 tok soknepresten på Årsmøta opp "måten vi feirar gudsteneste på", og sa i 2004 m.a.:

"Mange oppfattar gudstenesta i dag som statisk, dei skjønar ikkje kva ho er, kjenner ikkje "koden." Difor prioriterer dei henne ikkje, og ho får kanskje i mindre grad med nye, eller stadfester dei truande i den apostoliske kyrkjetradisjonen som Judas snakkar om.



*Men gudstenesta (5 deler-5 fingre på ei hand) er i sitt vesen dynamisk, og har vore kalla både "eit stort bønemøte", og "den bortkomne sonen sin liturgi". (Domprost P.O. Sjøgren). Og eg vil absolutt forsvare å nytta Den Heilage Apostel sine ord om henne: "...**eit levande og heilagt offer som er til hugnad for Gud...** (**Rom.12,1**) For oss som står i ein luthersk tradisjon, ligg det óg nær å beskrive gudstenesta med orda i Augustana 7 om den sanne kyrkja: "**..der evangeliet vert lært rett og sakramenta brukt rett...**"*

Difor fremja soknepresten etter langt forarbeid saka "Den Store Lovsongen" for sokneråda i 2006. Under følgjer først saksframstillinga frå presten, og dinest vedtaka som råda har gjort.

Saksframstilling

Eg viser til positive samtalar i dei kyrkjelege råda om korleis me ønskjer å feire gudsteneste i Øygarden Prestegjeld(familievenleg, meir lovsong, ofte nattverd, djupare nattverdliturgi, forbøn for sjuke), mitt foredrag på Årsmøta i begge sokn 24./30.mars 2004: "Du har gjeve oss ein heim i di kyrkje på jorda...-Framover i tru!". Her tok eg til ords for å få opp ein "Øygardsliturgi".

Eg viser til desse oppslaga på nettet:

<http://www.stellamaris.no/eukp.htm>
<http://www.stellamaris.no/eukpfullst.htm>
<http://www.stellamaris.no/euky.htm>

Eg viser óg til desse dokument:
"Strategiplan for Dnk 2005-2008" og
"Strategiplan for Bjørgvin Bispedøme 2005-2008"
Fleksibel bruk av gudstenesteboka(Kyrkjerådet(Haavik)080905/090905)
Invitasjon til å ta del i gudstenestereformen(Nemnd for
gudstenesteliv(Wagle)/Kyrkjerådet(Pettersen) 220905)

Prosesen så langt

Blomvåg Sokneråd sette etter nemnde foredrag på Årsmøtet 2004 same hausten i gang med eit prøveprosjekt med fornying av gudstenesta som mål. I 2005 signaliserte Hjelme Sokneråd at dei vil følgje etter.

Det er gjort eit stort arbeid for å få til ein sunn blanding mellom den tradisjonelle norske gudstenesta, bedehus, søndagsskole, karismatikk og gode økumeniske bidrag.

Gjennomgåande trur eg det er ei sams forståing at gudstenesteprojektet har vore til glede og framgang for kyrkjelydane i Øygarden, som relaterer godt til merkevareprosjektet. Med bare små endringar frå den tradisjonelle gudstenesta har samlingane i kyrkja vorte meir folkelege. "opna opp" gudstenesta, har fått betre oppslutning, fleire born, ungdomar og vaksne har teke del, og samstundes er kontakten med den kyrkjelege tradisjonen(den klassiske norske kyrkja, reformasjonen og oldkyrkja) ivareteken. Fine innspel har óg kome frå kyrkjelydane.



Førebuing

I tillegg har Fleksibel bruk av gudstenesteboka og invitasjonen til å ta del i gudstenestereformen vore førebudd sidan 2004 av sokneprest med verdfulle innspel av organist, og vi tok 1.s. i advent 2005 i bruk ein "fleksibel" gudstenesteliturgi som vi vonar skal bli til inspirasjon for fleire prestegjeld og for heile kyrkja.

Bakgrunnen er at Dnk har satt i verk ein stor liturgirevisjon som skal ferdigstillast 2010. Til forskjell frå tidligare kor liturgien er blitt "tredd nedover" oss, har vi denne gongen fått høve til å ta del i prosessen lokalt, med "klipp og lim" frå eksisterande liturgiar og utprøving av gode alternativ.

Vi er tidleg i prosessen, men på grunnlag av erfaringane så langt har eg gjort konkret framlegg om formalisering av saka i 2 vedtak.

No vil vi setje "alle kluter til" for å få det godt til! Og vi vil forsøke å få til "lynkurs" før gudstenestene dei næraste søndagane. I den prosessen det er lagt opp til, ligg det til Sokneråda å gjere vedtak.

Så nokre særlege spørsmål:

Nokre har spurt om bruken av ordet "Messe." Er dette noko *katolsk*? Svar: Ordet er ikkje *katolsk*, men *felleskristeleg*. Det kjem av same ordet som *misjon(missio)*, og tyder sending: Guds *sender* evangeliet til oss, vi er *sendt* til verda med evangeliet. Og den norske kyrkja har både tidlegare og no kalla si hovudgudsteneste nett for *Messe*.

Så spør nokre: Er den nye ordninga *katolsk*? Svar: Ikkje spesielt. Stammen er nemleg frå den eksisterande gudstenesta 1977/1983, og alternativ til henne i dagens Gudstenestebok. I tillegg er det eit stort innslag frå Høgmesseliturgien av 1920 i modernisert form. Her er óg økumeniske innslag.

Ordet *katolsk* er ikke spesielt ***katolsk***, men felleskristeleg. St. Vincent av Lerin sin trusregel er god: "Berre det er sant katolsk som alle har trudd alltid og alle stader." Dette ordet kjem elles av det greske *katholikos*, som tyder *over alt*, og speglar ei sanning med stor trøyst i seg, som vi kan seia med biskop Bo Giertz(forfattar av romanen Steingrunnen):

Kyrkja femner om alle århundre og tider, seier han, og peiker på rikdomen i hennar tradisjon, like frå urkyrkja, gjennom oldkyrkja, og til reformasjonen. No er den evangeliske innstillinga til tradisjonen at ikkje noko er naudsynt til frelse utanom det som vi finn i sjølv Evangeliet. Skrifter er herre over tradisjonen. Men samstundes vil vi som kristne med takk ta imot truserfaringane frå dei som har forlatt dette livet og no er heime hos Herren.

Sjå nærare om Biskop Giertz:

<http://www.stellamaris.no/bg3.htm>

Nett i den vanskelege situasjonen vi med klassisk kristen tru er i i Dnk i dag er det viktig å "lene seg til" kva Kristus har sagt og gjort, og kva den sanne kristne Kyrkja har sagt om kva som er rett kristen tro og kristent liv."

Sokneråda har 1.februar 2006 vedteke denne liturgien til bruk i prestegjeldet, tilpassa forskjellige dagar og høve. Prosten var tilstades på møtet.



Her følger så det vedtaket som er gjort:

1. Prinsipielt

(Blomvåg)(Hjelme)Sokneråd sluttar seg til innføring av fleksibel gudstenesteliturgi i prestegjeldet og deltaking i gudstenestereforma etter desse førebelse prinsipp:

Nylansering av gudstenesta som "Den Store Lovsongen."

Fleksibel bruk av salmebøker og songar.

36 gudstenester i kvart sokn pr.år.(Vedteken gudstenesteturnus 1968). Av gudstenestene i Hjelme sokn er førebels ei gudsteneste på Hernar bedehus, og ei i Hjelme gamle kyrkje. Av gudstenestene i Blomvåg sokn ei gudsteneste på Vik bedehus. Arbeide for ei felles gudsteneste på Rong i kulturhuset. Lekmannsgudstenester utan nattverd kan vere eit tiltak for å halde oppe turnusen.

Offisiell gudstenesteliste for prestegjeldet finn ein på kontoret, administrert av kontorsekretær, med sokneprest som ansvarleg.

2.kvar gudsteneste alternerer mellom Høgmesse/Familiemesse/gudsteneste.

Alltid same gudstenesteliturgi, men variert etter gudstenestetype.

Familiemessa/gudstenesta har kortare salmar og preike, som regel ikkje kollektbøn, bare ei tekstlesing, og kortare forbøn og nattverdbøn.

Band, forsongarar, ministrantar(medhjelparar, særleg born og unge)og lysbiletepresentasjonar bør nyttast.

Tidspunkt alternerer mellom 11 og 1200.(Hjelme har i tillegg to gudstenester pr.år som tek til kl.1600)

Nattverd så ofte som råd er, intinksjon(dypping) kan nyttast.

Dåp(vegleiande dåpssøndagar) vert lagt etter Gloria(Lovsongen). Dåpssalme etter døypefontkollekten og evt. mellom/etter kvar dåpshandling.

Alment skriftemål minst 1 gong pr.år.

2. Utforming av gudstenesta.

(Blomvåg)(Hjelme)Sokneråd sluttar seg til slik utforming av gudstenesta etter desse førebelse prinsipp:

-Strukturen i "Den store lovsongen"-Øygardsliturgien. Framlegg til Kyrkjelydsfaldar.

Ligg óg på <http://www.stellamaris.no/euky.htm>

-Syndsvedkjønning, fleire alternativ.

-Skriftord, 1.Joh.1,9, etter syndsvedkjønninga.

-Bønrop(Kyrie), Lovsong(Gloria), Svarsalme ved Evangelielesinga, svarvers ved Forbøn, og Velsigninga: Fleire alternativ.

"Herren vere med dykk" før kollektbøn, evangelielesing og velsigning.

"FBB-rekkja"(komité/Odland/S.Morland) som kollektbøner.

- "Oppgradert" evangelielesing, evt. med prosesjon

-Truvedkjønninga etter preika om det ikkje er dåp.

-Høve til forbøn ved altarringen.

-Rikare nattverdiliturgi.

-Fredshelsing før nattverden.(Enno ikkje innført.)

-Velsigninga og utgangssalmen byttar plass.

4.Kyrkjeleg Vestavind. Vårt mål for det vidare arbeidet er å be, og arbeide for

1. At menneske i Øygarden vert kalla til tru på og lydnad mot Jesus Kristus, slik at dei med oss kan verta frelst og nå Himmelen.

2. Godt samvirke mellom embete og råd.

3. Gode relasjonar mellom den offisielle kyrkja og det friviljuge kristne arbeidet.



4. Gode prestar til Øygarden prestegjeld óg i framtida.
5. Eit bibelsk basert bispetilsyn for Øygarden prestegjeld, andre kyrkjelege einingar og einskildpersonar som står i den same klassiske kyrkjetradisjonen som oss.
6. Eit nytt kyrkjeleg rom, i lojalitet mot vårt evangelisk-lutherske trusgrunnlag i Skrift og Vedkjenning, gjerne på økumenisk og internasjonal basis.

Kristus mellom oss, håpet om herlegdom!

“Hennar tenar har eg vorte fordi Gud gav meg oppgåva som forvaltar hos dykk: å fullføra tenesta med Guds ord, det mysteriet som har vore løynt gjennom alle tider og for alle ætter, men som no er openberra for hans heilage. Gud ville kunngjera for dei kor rikt på herlegdom dette mysteriet er for folkeslaga: Kristus er mellom dykk, håpet om herlegdomen! Det er han vi forkynner. Og vi rettleier og underviser alle menneske i den fulle visdom, så vi kan føra kvart menneske fram til mognad i Kristus. For å nå dette



***målet arbeider og kjempar eg i hans kraft,
som verkar i meg med styrke.”(Kol.1,25-29)***



St.Magnus Ørknøjarl(Martyren) er saman med nevøen St.Ragnvald, som bygde St.Magnus Cathedral i Kirkwall, helgenar med tilknytning til Øygarden. Sjå 75-års jubileumsskriftet "Heilag er kyrkja her" som er forfatta av Egil Sæle 2006, og

*<http://www.katolsk.no/biografi/magnus.htm>
<http://www.katolsk.no/biografi/ragnvald.htm>*

Bilete frå kyrkja St.Magnus Martyr ved London Bridge.



Bilete: D/s "Øygar"-Trygg Hamn i Blomvåg.

Foto: Bergen Sjøfartsmuseum. (c)



Øygarden Prestegjeld

Øygardskyrkjelydane

2006-2007©

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor: Boks 144, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 40

+47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

kontor@kyrkja.net

kyrkjevevje@kyrkja.net

Internett: <http://www.kyrkja.net>

<http://www.oygardskyrkjelydane.no>



Visitaprotokoll frå bispevisitas i Øygarden prestegjeld 13. – 17. september 2006

Biskop Ole D. Hagesæther gjennomførte visitas i Øygarden prestegjeld med Blomvåg og Hjelme sokn i dagane 13.-17. september 2006. Øygarden prestegjeld vart sist visitert 28. – 31. oktober 1993 av biskop Per Lønning.

Til visitasen var det lagt fram visitasmelding frå soknepresten og rapport frå prosten og kyrkjevevja om kyrkjer og kyrkjegardar.

På visitasen deltok forutan biskopen, prost Erling Kopperud i Vesthordland prosti og seksjonssjef for kyrkjefag ved bispedømekontoret Tore Skjæveland som førde protokollen. Sokneprest Sverre Martinsen følgde biskopen på heile visitasprogrammet.

Onsdag 13. september 2006

Kl. 08.30-10.15 Stabsmøte på kyrkje- og prestekontoret på Rong

Tilstades: biskop, prost, seksjonssjef, kyrkjevevje Odd Normann Thormodsæter, kyrkjelydspedagog Synnøve Sandøy Voldsund, musikalsk aktivitetsleiar og organistvikar Vegard Voldsund, kontorsekretær Kari Sandøy Rong, sokneprest Sverre Martinsen, kyrkjetenarar/ gravarar/ kyrkjegardsarbeidarar: Kåre Kristoffersen, Kari B. Solheimslid og Bjørn K. Solheimslid.

Kyrkjevevja ynskte velkomen, og soknepresten opna med ord frå Nehemja 1 og 2 om starten av gjenreisinga av tempelet i Jerusalem og bad bøna i Nehemja 1,5-9. Deretter delte kyrkjevevja ut jubileumsskrift for Blomvåg kyrkje som er 75 år og overrekte bilete av Hjelme gamle kyrkje til biskopen og prosten.

Biskopen presenterte visitasen og sa at det er mange tema å ta opp, men det er tre hovudtema: Den lokale situasjon med god økonomi, Øygardsliturgien og uroa for kyrkjesituasjonen.

Biskopen presenterte fylgjet sitt og bad dei tilsette fortelja om gleder og ynskjer for arbeidet.

* Musikalsk aktivitetsleiar Vegard Voldsund: Arbeider med born og unge med tanke på å få dei med på familiegudsteneste. Tilbodet "Lyd og musikk i samspel" rekrutterar breitt. Ynskjer at kyrkja skal vera open for ungdom, og at dei kan veksa og verta førebilete for dei yngre. Det er unødvendig at gudstenesta berre skal vera for vaksne, det må vera ein god plass for unge.

* Kyrkjelydspedagog Synnøve Sandøy Voldsund.: Utfordringa er konfirmantane. Ho driv Øygarden gospel saman med Vegard, men dei treng fleire vaksne i arbeidet.

* Kontorsekretær Kari Sandøy Rong, (80%): Trivst med jobben og stabsfellesskapet. Ynskjer at ungdomen skal finna seg til rette i gudstenesta, og lurar på om det ikkje kan vera for mykje liturgi, dei ynskjer det gjerne litt friare.

* Kyrkjetenar og gravar/kyrkjegardsarbeidar i Blomvåg (og verdsmeister på oldboys-skøyter allround med ei 10 000 metertid på 15.36) Kåre Kristoffersen: Vonar på bra besøk i kyrkja.

* Kyrkjetenarar og gravarar/kyrkjegardsarbeidarar i Hjelme Kari B. Solheimslid (90%) og Bjørn K. Solheimslid (10%): Fortalte om arbeidet på kyrkjegarden, der utfordringa er Hjelme med varierende grunn med mykje stein. Det vart samtale med biskopen om reinhaldet i kyrkjene og trongen for egna vaskerom og lagerrom i kyrkjene, noko det ikkje er i Blomvåg. Dei gleder seg over ungar som går fast til kyrkje.



* Sokneprest Svenn Martinsen: Dette er ei glimrande teneste, det må vera blant dei aller beste prestegjeld i landet, det er den gamle kyrkja som lever her. Han er veldig takksam for tenesta og medarbeidarane. Det er ei hard presteteneste, så det er flott å ha folk rundt seg som ber.

Biskopen responderte på dette og sa at soknepresten er ein gáverik, krevjande og dyktig prest.

* Kyrkjevevje Odd Normann Thormodsæter: Godt at det er eit team som driv dåpsopplæring i samarbeid med bedehuset. Ein har god kontakt med bedehuset gjennom barnearbeidet. Kyrkja løner arbeidarar som kan driva det barnearbeidet som er på bedehuset, men kyrkja har og sitt eige arbeid som til dømes Øygarden gospel.

Staben ynskjer å vera eit team som drar same veg og kan stå samla utad. Kvar tysdag er det stabsmøte og ein evaluerar alle gudstenester og kyrkjelege handlingar. Det er eit godt samarbeidsklima og ein kan vera usamde og koma med konstruktiv kritikk.

Kl.10.30-11.30 Andakt på Tednebakkane omsorgssenter på Rong.

Einingsleiar i pleie og omsorg Ingunn Teigen tok imot biskopen og fylgje i kantina/daglegstova i det nye senteret. Soknepresten leia samlinga. Kyrkjelydspedagogen song solo og deretter song ho og biskopen saman. Biskopen heldt andakt over 5 Mos 29,29. Styraren viste så rundt på heimen og eit bebuarrom. Ho fortalde at det er eit godt samarbeid med kyrkja og presten. På omsorgssenteret er det kultur for å tilkalla presten til sjuke. Det er andakt annankvar tysdag og 5 gudstenester i året, inkludert julekvelden.

Kl.11.45-12.30 Lunsj på kyrkje- og prestekontoret på Rong

Kl.12.30-13.30 Kontorvisitas på kyrkje- og prestekontoret på Rong

Kyrkjebøkene var pent og ordentlig førte med få manglar. Det mangla nokre personnummer for dåp i 1993 og 94 og ved nokre utmeldingar. Det mangla nokre ganske få dåpsdatoar ved konfirmasjon og innmeldingar. Kallsboka hadde hol etter manglande innføring frå tidlegare prestar. Soknepresten er i ferd med å retta opp dette, mellom anna ved å få opplysningar frå kallsboka i tidlegare Herdla prestegjeld. Biskopen bad om at dette måtte ordnast og leggjast fram for prostens innan utgangen av året.

Kontortilhøva er framifrå, og med god lydisolering av prestekontoret er det egna til samtalar.

Kl.12.30-13.00 Samtale med kyrkjelydspedagog på kyrjekontoret

Kl.13.00-13.30 Samtale med kontor på kyrjekontoret

Kl.13.30-14.30 Samtale med kyrkjevevje/dagleg leiar på kyrjekontoret

Kl.15.15-15.45 Synfaring av prestebustadtomt og omvisning i gamle Hjelme kyrkje

På vegen til gamle Hjelme stogga vi ved prestebustadstomta på Rong. Tomta ligg høgt og fritt og hadde havutsikt. Ho ligg nær barnehage og 1 km frå hovudvegen og butikk.

Gamle Hjelme kyrke er ikkje i regulær bruk. Likevel står ho no nymåla utvendig, takka vere gåver frå Hydro og Statoil, i tillegg til særøyving frå kommunen. Ho er ikkje restaurert innvendig. Det er laga opplegg for varme, så ho kan brukast i sommarhalvåret. Ho vert nytta til nokre vigslar og gudstenester i året.

Kl.16.30-18.00 Middagspause på Skjergardsheimen, Hatten



Kl.19.00-20.00 Nattverd gudsteneste i Hjelme kyrkje: "Den store Lovsongen"

Ein nytta ei forkorta utgåve av liturgien "Den store Lovsongen". Soknepresten forretta nestleiar i soknerådet Annlaug Børve og born deltek med song. Soknepresten preika om den miskunnsame samaritanen. Biskopen deltok i nattverdutdeling og lyste velsigninga. Vegar Voldsund spelte flygel og leia bandet, og Kari S. Rong styrte videoprojektøren med Powerpoint der alle salmar/songar og liturgi vart vist. Det var 58 til stades, blant dei fleire barnefamiliar og det var 56 til nattverd.

Kl.20.15-21.45 Hjelme kyrkje. Kveldsmat og sosialt samvær i kyrkjelydsalen

Etter maten var det ordet fritt og biskopen fekk spørsmål om kyrkjesituasjonen, om prestane i Kautokeino som vart avsette, om homofilisaka, abortsaka, Israel og antisemittisme. Han vart oppmoda om å stå fast på Guds ord og å oppmuntra og støtta fotfolket. Det var og innlegg som tok fram at det er vanskeleg å ha eit anna syn enn fleirtalet i kyrkjelyden når ein vil vera ein del av gudstenestefellesskapet.

Biskopen la inn over forsamlinga at det er godt at ein står tydeleg på det Bibelen seier, men ein må gjera det i kjærleik slik at også dei som tenkjer annleis vert tatt vare på og respektert. Ein må ikkje vera så tydeleg at ein ikkje ser at det også dreiar seg om menneske som har det vanskeleg og har mykje å bera. Når det gjeld sambuarar er biskopane samde om at ein må tilrå ekteskap og krevja det av kyrkjeleg tilsette.

Torsdag 14.september 2006

Kl.08.45-10.15 Samtale med soknepresten på kyrkje- og prestekontoret på Rong

Kl.10.30-12.30 Bedriftsvitjing Statoil ASA/Kollsnes Prosessanlegg. Lunsj.

Plassjef Nils Halland og Vigdis Solberg Eide tok imot biskopen med fylgje. Halland hadde ei orientering om gassreinsingsanlegget som dagleg sender vidare energi tilsvarende 4 gonger vasskraftproduksjonen i Noreg. Deretter spanderte Statoil lunsj.

Kl.13.00-14.30 Blomvåg skule. Møte med lærarane og førskulelærarane i kommunen. Rektor på Blomvåg skule, Johannes Mikkelsen ynskte velkomen. Det var komen lærarar frå alle skulane og frå barnehagen.

Biskopen heldt foredrag om "Born i sorg og krise" og tok utgangspunkt i at det hadde vore dødsfall blant elevane som lærarane hadde erfaring med. Han gjekk inn på kva som skjer i sorgprosessen både ved varsla alvorleg sjukdom og brå dødsfall eller kriser. Som omsorgspersonar er det tre ting lærarane må leggja vekt på: 1. Låna ut tryggleik, vera der når verda rasar saman for eleven. 2. Alt ein seier må vera sant, men ein treng ikkje seia alt som er sant. 3. Fantasiar er nesten alltid verre enn røyndomen.

Til slutt var det samtale om erfaringar med sorg og sjukdom hjå elevar eller familiane deira.

Kl.15.00-17.30 Møte med Øygarden kommune på Tednebakkane omsorgssenter, Rong.

Tilstades: Ordførar Olav Martin Vik, rådmann Ingolf Solsvik, kommunalsjef (tidl. helse og sosialsjef) Åse Vik og 6 frå formannskapet. Frå kyrkja kom forutan biskop, prost og seksjonssjef: sokneprest, kyrkjevevjerje, kyrkjelydspedagog, kontorsekretær, musikalsk aktivitetsleiar, fellesrådsleiar Gustav Landro, soknerådsleiar i Hjelme Atle Dåvøy, soknerådsleiar i Blomvåg Bente Hellesøy Guntveit.



Ordføraren orienterte om Øygarden kommune, som har 4100 innbyggjarar. I 1986 vart kommunen landfast. 1988 kom Hydro, og ilandføringa av gass og olje har gjeve gode inntekter, og ein kunne gje 4,3 mill til kyrkjelege formål i år. Kommunen deltar elles i eit utviklingsprosjekt i Ginka i Etiopia driven av Misjonssambandet.

Av utfordringar i kommunen vart det nemnt barnevern og rusomsorg. Kommunen støttar organisasjonane. Det er 16 bedehus i Øygarden og ein yter 10% av investeringskostnadane ved oppussing.

Deretter var det samtale:

*Ordføraren viste til stat/kyrkje-debatten og sa at kyrkja er ei av dei berande søylene og viktig for kommunen, fordi vi treng noko som er større enn oss sjølve når det knip for oss. Ein ynskjer at kyrka skal vera kyrkje slik som no og ikkje lausriva seg, så vi saman kan ta vare på historia og bygga vidare på den.

*Otto Harketstad (Ap) sa seg samd med ordføraren og sa at difor vil ein ikkje at kyrkja skal verta privatisert. Kyrkja er viktig for folket i Øygarden, men kyrkja er for mykje innadvent. Han saknar kyrkja i den offentlege debatten. Han bekymrar seg for om det skulle gå mot eit skilje mellom kyrkje og kommunesamfunn.

*Biskopen responderte: Det ordføraren tek fram handlar fyrst og fremst om "kommunekyrkja." Kyrkja synes å forvalta vår felles religiøse arv i det offentlege rom på ein god måte. Folk flest ynskjer ikkje at det skal bli større endringar. Dette må takast vare på. Folk må få lov til å ha den våre og ikkje så aktive trua. Det handlar og om religionsfridom, og vi har døme på at minoritetane føler seg ubekvemme med statskyrka. Me må og ta vare på dei svake, til dømes ved å gjera det mogeleg å vera homofil i våre kommunar.

*Åse Vik – kommunalsjef med ansvar for helse og sosial, fortalde om at også her er det problem med alkohol og stoff. Ein ser at det frivillige arbeidet er med å førebygga.

* Biskopen svara: Det er bra at kommunen brukar pengar på frivillig arbeid. I kyrkja brukar ein pengar på å støtta organisasjonane sitt arbeid. Kyrkja har eit forbettringspotensiale på den diakonale sida. Kanskje kunne ein få til ein delt stilling, det kan bety mykje.

* Prosten sa han er imponert over standarden på kyrkjelege anlegg og drifta. Graset på gravplassen vert klipt to gonger i veka. Det finst mange døme på at det er ein god relasjon mellom kyrkje og kommune.

* Fellestrådsformannen sa takk til kommunen for eit godt forhold. Ein har fått den støtta frå kommunen som ein forventa, det gjev stabilitet for arbeidet. Samatundes har ein og fått støtte frå Statoil og Hydro. Det er mindre motsetningar mellom nord og sør i kyrkja enn før.

* Kyrkjeverja: Det har vore godt å få hjelp til det førebyggjande arbeidet som gjer ein i stand til å plukka opp ungdomar.

* Soknepresten takka kommunen for det gode samarbeidet og dei gode kontora. Det er av uvurderlig verdi å vera så sentralt plassert i kommunehuset, det gjer at folk kjem innom. Ordføraren takka for det gode arbeidet. Til slutt overrekte ordføraren eit bind av bygdesoga "Øygarden 1920-1958 – Tru og liv" og "Øygarden det blomstrande øyriket" til biskopen, prosten og seksjonssjefen.

Deretter var det middag for heile fylgjet i kantina.

Kl.18.30-19.00 Samtale med leiarane for dei kyrkjelege råda på Skjergardsheimen

Kl.19.00-22.00 "Nord om Svelgen". Samrådsmøte med dei kyrkjelege råda og dei kyrkjeleg tilsette, på Skjergardsheimen, Hatten.

Til stades: Biskop Ole D. Hagesæther, prost Erling Kopperud, seksjonssjef Tore Skjæveland, sokneprest Sverre Martinsen, kyrkjeverje Odd Nordmann Thormodsæter, klokkar i Blomvåg Ole Vik, kyrkjelydspedagog Synnøve S. Voldsund, musikalsk aktivitetsleiar Vegar Voldsund, kantor i permisjon Anne Lise Grøm, kyrkjetenarar /gravarar: Kåre Kristoffersen, Bjørn-Kjartan og Kari O. Solheimslid (også Hjelme sokneråd), kontorsekretær Kari Rong.



Frå Hjelme sokneråd: leiar Atle Dāvøy, Laila Øyen, Kjell Arne Fjeldstad, Bodil Martinsen, Annlaug Børve. Frå Blomvåg sokneråd: leiar Bente Guntveit, Olaug Rong, Kjellaug Solsvik, Rannveig Vestbøstad Vik og leiar i fellesrådet Gustav Landro.

Prosten leia møtet. Leiar i Hjelme sokneråd Atle Dāvøy ynskte velkomen. Han innleia om temaet "Klar til forhaling" og bad for møtet. Seksjonssjef Tore Skjæveland heldt andakt over 2. Kor 1, 24: "For vi vil vera medarbeidarar så de kan finna gleda" og snakka om medarbeidarskap og fire fasar i medarbeidaromsorga. Deretter var det kveldsmat.

Biskopen gjekk gjennom visitasmeldinga

Han rosa visitasmeldinga for god nynorsk og kommenterte særleg fylgjande:

* Kyrkjene: Kyrkjene og kyrkjegardane er svært velhaldne. Å klippa graset på kyrkjegarden to gonger i veka er i overkant synes biskopen. Ei eventuell ny kyrkje på Rong vart ikkje nemnt i møtet med kommunen. Her må ein tenka seg om så ein ikkje bind opp mange millionar i hus så det ikkje vert pengar til livet. Det skal byggjast ein fleirbrukshall på Rong, der kan ein vurdera om det kan verta gudstenester innimellom.

Biskopen har særleg omsut for reinhaldet i kyrkjene og her var han godt nøgd, i Hjelme kyrkje kunne han spegla seg i steingolv.

* Gudstenestene: Biskopen kan forlaga 57 gudstenester per prestestilling. Det er no 72 forordna, 36 i kvart sokn. 30 i kyrkjene og nokre andre stader. Det er vel mykje.

Fint at fleire kan vera med i liturgien utan at ein spør etter trua fyrst.

* Dåps sakramentet: Biskopen merka seg at ein ynskjer at folk skal vita at dåpen forpliktar og ser at ein vil seia det på ein positiv måte. Ein må halda fram det som er rett og vera tydelege, men ikkje slik at folk føler at det er for bratt og tungt for dei. Lat mors- og farshjarta vera med i dette, så ein ikkje stenger folk ute frå Gud. Rettleiinga må vera konfidentsentrert, slik som soknepresten gjer det. Generelt må ein gje folk råd om å gifta seg, men av og til er det rett å seia at dei ikkje skal gjera det. Ver god mot dei som ikkje kan stilla opp for dei store ideala og dei som ikkje er like sterke i trua og livet. Ver god mot menneske som slit eller er i meningsmindretal.

* Nattverd: Altvinen er lettvinen Caritas. Biskopen minna om at det er soknerådet som tek avgjerda om typen vin.

* Kyrkjelydskontoret er uvanleg bra. Kyrkjebøkene er ført på ein god måte.

* Samarbeid: Ein har ein fin samarbeidsavtale med bedehuset om eit team som arbeidar på barne og ungdomssektoren. Det er mykje som drar mot gudstenesta.

* Dåpsopplæringsprogrammet: Det er laga av tidlegare kyrkjelydsprest Lars Arne Vik.

Dåpsskulen samlar 30 % av 6-åringane. Ein ligg framfor alle ved å bruka leir som verkemiddel. Kantor er inne i femteklassane for å øva med liturgi og salmar til gudstenesta der dei får Bibel.

* Konfirmasjonstida: 14 av 78 vert ikkje konfirmert. Ein må spørja seg om opplegget er for krevjande. Konfirmantweekend kostar 700, men dersom det er nokon som ikkje kan betala vert det ordna i det stille slik at alle kan vera med.

* Barne og ungdomsarbeidet: Det er ei imponerende liste over aktivitetar i ein kommune med 4000 innbyggjarar. Det er to kor som no ligg nede fordi kantor har permisjon. Jubelkoret (20stk) på Vik bedehus for 4.-8.kl og Øygarden familiekor (10 fam) er ikkje med i oversikten.

* Diakoni: Dette har ein ikkje kome skikkeleg i hamn med. Både dette og rusproblema er nemnt for kommunen.

* Misjon: Sokneråda støttar 5 misjonærar – desse er nemnt og har biletet på nettsida.

Deretter var det samtale som prost leia.

Gudstenesta og "Den store lovsongen", den alternative liturgien ein prøver ut

* Leiar i Hjelme sokneråd: Me har fått til meir frivillighet i gudstenesta, dette har det vore arbeidd målretta med dei siste åra, å inkludera konfirmantane og at ungane får synga. Eit døme er musikkprosjektet til Vegard Voldsund som også inkluderar ungdom. Dette har ført



til at folk har fått tru på gudstenesta. Denne liturgien er ein prøve i to år og dette er eit dynamisk dokument som skal evaluerast løpande og ingenting er låst. Å ha med fleire medarbeidarar i gudstenesta er uavhengig av liturgien.

* Prosten: Det er ikkje alle kyrkjer som har kjøpt inn bandinstrument til bruk i gudstenesta.

* Leiar i fellesrådet: Det er meininga at denne liturgien skal kontinuerleg evaluerast.

* Kantor: Det er for mange ord, for mange alternativ og for mange gjentakningar. Det er mange fine ledd, men det er mengda som vert for mykje. Difor må det strammast inn. Den offisielle liturgien gjev også rom for mange endringar, og der er det og rom for mange medarbeidarar. Føler at kyrkja vert meir og meir innadvent i ein krets som føler dette er flott. Kantor sa at ho føler seg ikkje inspirert når ho går i kyrkja. Er for at ein skal løysa opp, men føler at dette er gått for langt.

* Biskopen: Eg kan stå for all den teologien som står her, men eg synes det er for ange ledd og for mykje ord. Mitt klare råd er at de strammar opp og tar bort ting som er gode, men ikkje nødvendige. Inviter kantor til å koma med innspel til liturgien. Det skal ikkje endrast no, for dette er sokneråda sitt og det skal evaluerast i 2007. Eg vil ikkje ta denne liturgien frå dykk, for han vil de ha, ein kombinasjon av bedehustradisjon og ein rik kyrkjeleg tradisjon og teologi. Dette skal evaluerast skikkeleg med utsending av spørsmål når perioden er over. Eg ynskjer at dette skal sendast inn til kyrkjerådet og nemnd for gudsteneste, for dette er gjennomarbeida.

* Soknepresten: Det var ei større forandring då ein innførte ny høgmesseliturgi i 1977/1992. Tidlegare kom liturgien sentralt frå og skapte stor strid, no vil me gjera det sjølv. Dette krev kjærleik og at ein gjev kvarandre tid. Arbeidet vart sett i gang fordi ein ville ha fleire folk i kyrkja, og ein ville sameina mange tradisjonar. Men dette er ein prøveliturgi og det er folket i Øygarden som skal leva med han, difor vil eg som prest seia: "Take what you please, please!"

* Det ser ut til å fungera med powerpoint i kyrkjene.

* Ungane har fått ein mykje tydelegare plass i gudstenesta. Dei skal fram og syngja og så ha si eiga preike.

* Nokon går ikkje i kyrkja p.g.a. den nye liturgien og nokon gjekk ikkje på grunn av den gamle, det er vanskeleg å finna noko som alle er nøgd med. Poenget er å ikkje ekskludera nokon frå kyrkja, difor må me spørja: Korleis skal ein gjera for at fleire skal synast at det er godt å gå i kyrkja.

Biskopen avrunda samtalen: Når de vil noko så går de for det. Dette kan det bli noko av.

"Klar til forhaling"- forholdet til Den norske kyrkja

Soknepresten gjorde greie for den historiske utviklinga og dei spørsmåla som ura ein: Kan ein vera sikker på å få bibeltru prest her i Øygarden? Kva med ny biskop, vil han stå for kyrkja sitt gamle syn? Når visitasmeldinga er kalla "Klar til forhaling", tyder det at ein har tenkt på "eit indre oppbrot". Kyrkja i Øygarden vil vera nett den same båten som før, men treng kan hende ny kaiplass.

Biskopen responderte: Dette er ei blanding av uro, nytenking og poetisk språk, men kva betyr det? Ei ordning med alternativt tilsyn finst ikkje i kyrkja vår no. Det er bra at ein kan drøfta dette med valkyrkjelydar. Problemet er at dersom soknerådet går, kan ein ikkje forplikta heile kyrkjelyden. Då kan ein ikkje ta med seg bygningane.

Ved eit presteskifte skal det gå å få ein god prest i Øygarden. De kan kanskje arbeida mot eit alternativt tilsyn, men det alternativet finst ikkje no. De kan ikkje rekna med at det kjem ein biskop som bryt det kyrkelege fellesskapet med dei andre biskopane. Eg ynskjer at det kjem ein biskop med mitt syn. Dersom det kjem ein biskop med eit anna syn får ein forholde seg strengt formelt og juridisk til han. Kjem han på besøk må de ta imot han. Eg kan ikkje anvisa dykk ny kaiplass, for ein annan kai finst ikkje i dag.

Frå ordsiftet:

* Korleis kan ein få til å ta imot ein biskop som ikkje er nokon biskop for oss? Dersom det går gale er det ikkje nokon kyrkjelyd for oss å vera i. Eg er redd for Dnk om to år når det skal koma ny biskop i Bjørgvin. Dersom kaien ikkje finst, så vert me rekande rundt. Eg er ikkje redd for forholdet til kommunen.



- * Uenig i at kaien ikkje finst, men me finn han snart ikkje innanfor Dnk. Dersom Dnk skal bestå som eit trussamfunn kan ein ikkje fjerna Guds ord frå kyrkja. Mange har alt hoppa av skuta eller vil hoppa dersom ikkje ein kan laga eit system som gjer at dei kan bli verande ombord. Det er vesentleg at ein får eit alternativ, elles vel folk andre alternativ.
- * Så lenge me kan bevare vår eigenart kjem me til å strekka oss langt for å vera ei folkekyrkje. Me er innadvente og vil strekka oss langt, men då må dette vera på plass. Dersom kaien ikkje finst, kan me laga han.
- * Øygarden er ei mus som står ved sida av elefanten Den norske kyrkja og pip og prøver å få sagt noko. Det er vanskeleg å finna ein plass med det systemet som er i dag. Det ein gjer i dag er å prøva å påverka systemet så det kan ta vare på oss. Prestane må gå til nokon og få den støtta dei treng. Kanskje er me kvasse i kantane, men me ynskjer å formidla kjærleik til menneske og samtidig formidla kva som er rett og galt.
- * Det er ikkje lett å både tona flagg og visa kjærleik. Det er vanskeleg på ein liten plass der ein ikkje kan velja kristent miljø. Er redd for dei høge dørstokkane i kyrkja. Har ikkje opplevd høgare dørstokkar enn her i Øygarden. Vi må forkynna Guds ord rett, men det er ikkje lett å seia kven som har rett lære, det er ulike kulturar. Redd for at folkekyrkja vil forsvinna dersom statskyrkja forsvinn. Vil at kyrkja skal snu seg mot folk, og me må ikkje ekskludera og det kan skje dersom det er for skarpe kantar.
- * Me har to år og skal bruka den tida til å be om å få ein biskop som står på Guds ord. Må ikkje la dette bli nokon pessimisme, for me har det bra her i Øygarden. Det er viktig at kyrkja er herre i eige hus. Det å vera utadretta: Å bygga relasjonar til folk flest er viktig. Å snakka med karane på benken på kjøpesenteret er kanskje vel så viktig teneste som gudstenesta. Biskopen oppsummerte: Dette må sjåast i perspektiv. No er me ute på djupt vatn. De har eit anliggende som fortel om ei naud. Vi får gjera som Jesus gjorde: Tala om det som er rett, men og om tilgjeving og faren ved å kasta den fyrste stein.

Biskopen avslutta med bøn.

Fredag 15.september 2006

Kl.09.00-09.45 Skulegudsteneste i Blomvåg kyrkje for Toftøy, Rong og Blomvåg skular

Kyrkja var fullsett av elevar frå 5.-7. klasse frå skulane i soknet. Elevar bar bibel og kross i inngangsprosesjonen. Kyrkjelydspedagog Synnøve Sandøy Voldsund preika om Sakkeus. Ho bruka bilete på powerpoint. Biskopen hadde ei helsing til før forbøna og snakka om tilgjeving og dåp. Elevar deltok med lystenning og bøn. Biskopen lyste velsigninga til slutt.

Kl.10.45-11.30 Skulegudsteneste i Hjelve kyrkje for Alvheim og Bakken skular.

Elevar bar bibel og kross i inngangsprosesjonen og las tekstane. Biskopen hadde preika og sa at ein biskop er ein som besøker, ber og bestemmer og at han syntes det var flott å møte elevane i Hjelve kyrkje. Han snakka om det å støtta kvarandre og viste det ved å balansera ein tallerk på 5 fingrar. Av og til må ein bera ting aleine, då gjeld det at ein finn sentrum så Jesus kan bera saman med oss. Elevar deltok med lystenning og forbøn. Biskopen lyste velsigninga til slutt.

Kl.12.15-12.45 Lunsj på kyrkje- og prestekontoret, Rong

Kl.13.00-13.45 Øygarden ungdomsskule, Rong. 9.klasse. Spørjetime.

Rektor Stein Vidar Risløw tok imot biskopen og ynskte velkomen. Elevane stilte varierte spørsmål, blant anna om biskopens syn på homofili og om frelsa og tilgjeving.

Kl.14.00-14.30 Vitjing i Terna barnehage på Rong

Biskopen med fylgje vart tatt imot av einingsleiar Frank Hop og pedagogisk leiar Anita Hellebø. Borna var ute og leika i den sommarvarme sola og etterpå song dei for biskopen.



Kl.15.00-17.00 Bedriftsvitjing på Stureterminalen/Norsk Hydro med middag

Vedlikeholdssjef Knut Hansen tok imot biskopen med fylgje og gav ei orientering om anlegget som tar imot olje gjennom rørleidning både frå Grane og Oseberg. Deretter var det omvisning i minibuss på anlegget. Møtet vart avslutta med middag i Gjestehuset der òg terminalsjef Inge Dagestad deltok.

Kl 19.00-22.00 "Songar frå bedehuset" i Blomvåg kyrkje, med partytelt i borggarden

Leif Gunnar Vik leia oss gjennom ein songkveld med kjente bedehussongar. Kora i Øygarden tok del og me fekk høyra Vik mannskor, jubelkoret og Øygarden gospelkor. Biskopen hadde andakt om tilgjeving og ny start og om Johannes Markus som fylgde Paulus. Etterpå var det grilling i borggarden og servering av hamburger, pølser og kaker og kaffi.

Laurdag 16.september 2006

Biskopen førebudde gudsteneste og visitasforedrag

Sundag 17.september 2006

Kl.1100 Visitas- og jubileumshøgmesse i Blomvåg kyrkje, med partytelt i borggarden

I gudstenesta vart det markert at Blomvåg kyrkje er 75 år og Hjelme kyrkje 35 år.

Som liturgi nytta ein "Den store Lovsongen". Soknepresten hadde liturgien og biskopen preika over dagens tekst. Prosten, klokkar Ole Vik og ei rekke uløna medarbeidarar deltok. Øygarden Gospel og born med song. Soknepresten forretta nattverden og biskopen deltok ved utdelinga ved intinksjon. Det var 170 gudstenestedeltakarar og 151 nattverdgjester.

Etter gudstenesta heldt biskopen visitasforedraget i kyrkja:

BISPEVISITAS I ØYGARDEN PRESTEGJELD I VESTHORDLAND PROSTI - BLOMVÅG OG HJELME SOKN 13. - 17. SEPTEMBER 2006

Visitasgudstenesta her i Øygarden prestegjeld finn stad på den søndagen som har fått namnet "Takknemligheten sin søndag". Alle tekstane oppmoder til TAKKSEMD.

Etter fem tette dagar i prestegjeldet, så kjenner eg på kor velvald dette temaet er. De lever på mange måtar i ei nådetid nett no: Dei ytre forholda ligg særst vel til rettes. Kyrkjer og kyrkjegardar står heilt strøkne. Kyrkjelydskontora er gode og har ei svært tenleg plassering. Det er ei tett samhandling med kommunen, prega av respekt og profesjonalitet. Staben har funne saman, dei tilsette gjer det dei kan for å gjere kvarandre gode. Sokneråda har eit levande engasjement for Jesus og stor vilje til refleksjon og nysatsing. For meg har det særleg vore godt å merka kor tett den kyrkjelege strukturen dreg saman med bedehusrørsla og opent stør kvarandre.

Det er klart det gjer inntrykk når eg høyrer at kommunen kvart år gjev 100 000 til eit misjonsprosjekt som Misjonssambandet driv i Etiopia. Og at skulen så fylgjer opp med storaksjon til same formålet. Det er glederikt å sjå kor fint bygdefolk og industri tek vare på Hjelme gamle kyrkje, eit kyrkjehus som på mange måtar er avskilta. Kyrkjehus og kyrkjegardar vert stelte som om det var heim og hage. Sjå berre på Blomvåg kyrkje no ved 75-års jubileet: De fekk ikkje utvidinga som mange av dykk arbeidde for. Men de tar tak i det de kan gjere noko med: Flott parkering utomhus og vakre nye tekstilar innomhus. Og ein borggard som no under visitasen er vorten ein elegant kyrkjelydssal.



Det er 13 år sidan biskop Per Lønning visiterte prestegjeldet her ute i Øygarden. Til visitasen no i år ligg det føre ei instruktiv og velskriven melding. Her er mangt som gler og imponerer.

Ikkje minst det levande arbeidet som finn stad på mange av dei til saman 16 bedehusa som er spreidde rundt i bygdene. Sjeldan såg eg slik ei liste over søndagsskular og yngreslag. Men eg tel og sju tiltak for ungdomar i meldinga dykkar, i tillegg kjem eit uvanleg rikt leirarbeid knytt til Skjergardsheimen.

Eg finn strategar i denne kyrkjelyden som har arbeidd på lang sikt og som har nytta høvet, når sjansen var der. Eit skulehus skal seljast på Hatten, og så kjem altså Skjergardsheimen. Ei stilling som kyrkjelydsprest vert ledig, og så vert ho konvertert til ungdomsteam og barnearbeidar. Biskop Lønning etterlysar betre parkering ved Hjelme kyrkje, og så finn de plass lunt innimellom lynghaugane. Tomt er innkjøpt til prestebustad og kan nyttast når signala kjem frå bispedømekontoret. Nokon såg mogelegheitane i ei utvida Blomvåg kyrkje. Dei vart riktig nok stoppa av Riksantikvaren, som jo har merka seg denne kyrkja som uvanleg interessant. Men de viser at de har handlekraft og engasjement.

Der de ikkje har sagt dykk nøgde, er på det diakonale feltet. Her kjenner de at noko må gjerast. Det ligg alt for mange og ventar i "Barmhjertigheten sitt hus" (jfr. dagens preiketekst.) Tradisjonen har alltid vore slik mellom Øygardsfolket, at leid nokon naud, eller blei på sjøen, så stilte naboane opp. Det har vi mange døme på i dag og. Men nauda er meir skjult i dag. Ho forskansar seg bak heimen sine tjukke veggar. Ein kan liksom ikkje trengja seg på, føler ein, og dessutan er det så travelt for oss alle.

Med mobilen som kommunikasjonsmiddel og fjernsynet som altar, vert relasjonane utfordra.

Når familiestrukturane vert utydelege kan det verte vondt om førebilete for barn og unge. I visitasmeldinga skriv de at rusmisbruket mellom unge ser til å auke. Eg kallar kyrkjelyden til levande diakonal innsats i åra som kjem. Kan de få opp ei stilling for ein diakoniarbeidar, veit eg at fellesskapen vil få nytte av det.

Som mange av dykk veit, kjenner eg øygardsfolket betre enn dei fleste. Handlekraftig og rett på. Unyansert ofte og utan sans for dikkedarar. Eg er full av beundring. Eg har heilt klart noko å lære.

Men baksida må de og vere var. Livet er ikkje så svart/kvitt som mange ser ut til å tru. Det er lett for å såre når orda kjem usensurerte. Det er godt med kraftig leiarskap. Dei gode leiarane tek seg likevel alltid tid til å lytta, dei veit kor viktig det er å få med seg meiningane frå dei som ikkje så lett står opp og mæler imot. Får ein ikkje med seg fotfolket, kan resultatet verte fraksjonering og motløyse.

Dette er ikkje sagt som eit forsvar for meg sjølv som biskop og for ei kyrkje som har gjort val de er urolege for. Så sjeldan som det er med ein bispevisitas, er det ikkje meir enn rimeleg at de står opp og konfronterer meg i aktuelle spørsmål. Ja, det er faktisk slik at eg har bruk for tydeleg tale, for eg skal vidare i nye, sentrale møte. Eg tek med meg synspunkt og åtvaringar.

Som de og veit, er eg samd med dykk i dei grunnleggjande synspunkta. Først og fremst dette at Bibelen skal vere grunnlag og rettesnor for alt det vi gjer og lærer og forkynner.

Men eg har merka meg samtalen med kommuneleiinga, der vi i den aktuelle Stat/kyrkje-debatten vart alvorleg formant om ikkje å stilla oss slik at den offisielle kyrkja vert



privatisert og mistar den nære kontakten med ei lokalbefolkning med djupe kristne røter. ”I Øygarden sitt kommunehus”, vart det sagt, ”er kyrkja ei av dei berande søylene. Vi treng å ha noko som er større enn oss sjølve, når det kniper for oss. Kyrkja må ikkje verte for innadvendt i dagane som kjem.”

Og då er eg over på dei to store sakene de har lagt fram for meg. Først dette at de leiter etter ein veg for kyrkjelyden om Den norske kyrkja gjer val som de finn er ubibelske.

De er ”klare til forhaling” skriv de i visitasmeldinga. Kjem Kyrkjemøtet ut med vedtak som de ikkje finn har støtte i Bibelen, då vil de måtte vurdere forskjellige modellar for brot i gudstenestefellesskap. Og om de skulle skje at kyrkjelyden fekk ein prest eller biskop med nytt syn i homofilispsrsmålet.

Eg vil gjere det eg kan for at så ikkje skal skje. Men eg må be dei av dykk som talar om valkyrkjelydar og alternativt bispetsilsyn om å sjå på realismen i tenkinga. Vi har ikkje no slike ordningar. Og skulle de som leiing søka å forhala kyrkjelyden til annan kai, så veit eg ikkje kvar den kaien er. Og folkekyrkja, med kyrkjeehus og mannskap, ho vil verte att. Ein kan ikkje melde folkekyrkja inn i ei frikyrkje.

Ikkje skal ein sjølv heller gjere det som eine person. Du skal ikkje langt attende i kyrkjeehistoria før du finn open vranglære forkynt frå preikestolar og i dette stiftet. Men folk sto distansen og blei i kyrkja og forkynte Ordet og vitna for naboane og fylte dei valde råda med trugne kyrkje- og bedehusfolk. Slik det nå er i Øygarden, må de for all del halde saman og nytte den nådetida de har. Det ville vere øydeleggjande om de no splitta opp fellesskapen i mindre forsamlingar, eller trakk dykk ut til kyrkjelydsfellesskap eller forsamlingar utanfor Øygarden. Som einskildperson kunne du vel sakta få enda større personlege opplevingar i forsamlingar der alle var oppglødde. Men kva med bygda di og naboene sine barn?

Ingen må seie at de ikkje har ein bibeltru prest. Ingen må seie at her er alt statisk, vi kjem ikkje vidare. Ingen må seie at mogelegheitane ikkje finst for levande kyrkjelyds- og bedehusarbeid. Tvert om har de ein sentral og bibelsk forankring, og openberre sjansar til å nå ut på ei folkekyrkjeleg mark som har djupe andeleghe furer.

Den andre store saka ved denne visitasen er den nye gudstenesteliturgien de har arbeidd fram, ”Øygardsliturgien” har den vore kalla, eller ”Den store lousongen”.

De har nytta det høvet som alle kyrkjelydane har no for tida, til å søka å meisle ut ny liturgi som ei prøveordning. Og her har de gjort noko som er uvanleg spanande: De søker å halde i hop gamal levande og velprøvd liturgi med ein opnare bedehustradisjon med enklare songar og stor deltaking frå lekfolket si side. Det er klart at det er presten som legg mange av premissane, eg kjenner att mykje av stoffet frå meir høgkyrkjelege tradisjonar. Sjeldan såg eg likevel eit så aktivt deltakande lekfolk. Her skapar de noko som verkeleg er interessant.

Når det gjeld gudstenesta, gler eg meg over stor og aktiv deltaking frå kyrkjelyden si side, der både barn og unge er involverte. Likeså over eit band som er med og supplerer orgelet. Med Powerpoint har vanlege folk heile tida oversikt over kvar vi er og kva vi gjer. Her er solid forkynting og stor fleksibilitet.

Men som eg alt har sagt ved fleire høve: De er for glade i ord. Sjølv om dei er gode og bibelske og fører med seg vakker tradisjon, så kan dei verte for mange. Særleg er dette tydeleg i nattverdltiturgien, her trengs det at nokon stramar opp og skjer bort.



Alt endringsarbeid tek tid. Eg trur de gjer klokt i å behalde den noverande liturgien ved nokre av gudstenestene. Då eg skreiv dette foredraget hadde eg enno ikkje høyrte lyden i orgelet. Det er for dårleg, så gode instrument som de har. Eg vonar og at barnekantoriet kjem att når kantor har avslutta permisjonen.

Sjeldan har eg hatt så mykje på hjarta som nett no. Det er så mange einskildobservasjonar eg hadde hatt hug til å kommentere. Om att og om att har eg tatt dykk i å gjere framifrå godt arbeid. Det gjeld ikkje minst medarbeidarane som er tilsette. Eg kunne nemnd dei ved namn ein etter ein og fortalt kva eg har sett av faglegheit, kjærleik og vilje til å satse.

Ver med dei no, og nytt tida. Ho er god og full av mogelegheiter.

Ein visitas er over, og biskopen fer vidare til andre kyrkjelydar. Eg kjenner det likevel slik at vi er ikkje ferdige enno, ikkje eg med dykk og ikkje de med meg. Vi treng å ha kontakt med kvarandre i den prosessen de har tatt til med. Her er mykje å vinne og mykje å risikera.

De har prosten som medarbeidar, han har de tillit til og han har vore dykk ein klok rådgjevar. Men eg er komen til at eg vil attende til dykk og møte dykk til drøftingar ei kveldsstund om eitt år. Då har vi bak oss eit kyrkjemøte. Då har vi erfaringar frå den nye gudstenesteliturgien. Då kan eg få høyre om konfirmantane som les dette året, det var så flott å møte dei på ungdomsskulen og dei har så gode leiarer. Det kan vere godt for dykk å ha ei slik vitjing å forhalde dykk til, om noko skulle skjere seg. Da kan de roe dykk ned og tenkje: Vi tar det opp i drøftingsmøtet med biskopen.

Eg kjenner at denne visitasen har Gud brukt. Eg seier som Paulus: "Eg vil kome att for å sjå korleis det går med dykk".

"Og eg er viss på at han som tok til med ei god gjerning i dykk, han skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag" (Fil 1,6).

BJØRGVIN BISPESTOL, 17. september 2006.

Ole D. Hagesæther

Soknepresten og rådsleiarane Atle Dåvøy, Olaug Rong og Gustav Landro tok ordet og kom med fylgjande helsing:

"Dei kyrkjelege råda og soknepresten i Øygarden vil varmt få takka biskopen med følge for flotte visitasdagar. Takk for gode samlingar, samtalar og for at biskopen har teke oss på alvor når vi i leiinga i Øygardskyrkjelydane "Nord om Svelgen" har sagt at prestegjeldet er "Klar til Forhaling."

I samråd med biskopen er vårt mål for det vidare arbeidet å be og arbeide for:

1. At menneske i Øygarden vert kalla til tru på og lydnad mot Jesus Kristus, slik at dei med oss kan verta frelst og nå Himmelen.
2. At kristen diakoni og kjærleik kan fylle prestegjeldet si verksemd.
3. Godt samvirke mellom embete og råd.
4. Gode relasjonar mellom den offisielle kyrkja og det friviljuge kristne arbeidet.



5. Gode og bibeltru prestar til Øygarden prestegjeld óg i framtida.

6. Eit bibelsk basert bispetilsyn for Øygarden prestegjeld, andre kyrkjelege einingar og einskildpersonar som står i den same klassiske kyrkjetradisjonen som oss.

7. Eit nytt kyrkjeleg rom, i lojalitet mot vårt evangelisk-lutherske trusgrunnlag i Skrift og Vedkjenning, gjerne på økumenisk og internasjonal basis.

Kristus mellom oss, håpet om herlegdom! (Kol.1,27b)”

Deretter var det kyrkjekaffi i borggarden.

Björgvin bispestol, 6. oktober 2006

Ole D. Hagesæther

Biskop i Björgvin

Tore Skjæveland

Seksjonssjef kyrkjefag





Sokneråda og stab

Rong 19.09.2007

Vår sakshandsamar: Odd N. Thormodsæter

Vår ref.: 04/00001-007

Arkivkode: 301

Referat frå "Ettervisitas" ved biskop Ole Danbolt Hagesæther. Øygarden prestegjeld 18. september 2007.

Stad: Helse- og tenestesenteret, kantina

Til stades: Biskop Ole D. Hagesæther, prost Erling Kopperud, sokneprest Sverre Martinsen, ordførar Olav Martin Vik.

Frå staben: Kåre Kristoffersen, Kari S. Rong, Anne Lise Grøm, Turid Toft Amén, Janesh Amén, Odd N. Thormodsæter.

Frå Blomvåg sokneråd: Gustav Landro, Rannveig Vestbøstad Vik, Bente H. Guntveit,

Frå Hjelme sokneråd: Atle Dævøy, Astrid Rustad, Bodil Martinussen, Kjell Arne Fjeldstad, Annlaug Børve,

Det var innleiing ved biskopen der han grunngav kvifor han ønskte å koma attende til eit slikt arbeidsmøte i etterkant av bispevisitasen forr. år. Han foreslo følgjande punkt som tema for møtet:

1. Den nye prøveliturgien "Den store lovsongen"
2. Forhalingstanken. Kor står vi? Kor går vi?
3. Utagerande konfirantar forr. år. Kva med dette året?
4. Diakoniplanen, nyttilsetting?

Referatet under har med nokre av synspunkta som kom fram i stikkords form.

Diakonistilling.

- Det må grunngjevast skriftleg kvifor ein treng ei slik stilling.
- Dette har vore tenkt som ein kombinasjonsstilling med Tednebakkane.
- Det må vidare setjast opp eit møte med politisk leiing og administrasjonen i kommunen.
- Astrid Fylling på bispedømmekontoret kan vera til hjelp her.

Konfirmentarbeidet. Turid T. Amén rapporterer at det har vore ein god start dette året.

Har ikkje møtt på større vanskar til no. Team frå Misjonssambandet hjelper til i undervisninga.

"Klar til forhaling" Kyrkjesituasjonen.


- Biskopen er takksam for den måten leiing i Fellesrådet takla presset frå media sist haust i samband med homofilidebatten.
- Biskopen utfordrar stab og sokneråd til å koma med kommentarar til saka.
- Fellesrådsleiing kjenner på at dette er ei sak som no har roa seg lokalt og er tilbakelagt.
- Støtten frå biskopen har vore viktig i ettertid.
- Også Øygarden må erkjenne at det finst to syn i homofilidebatten.

"Den store lovsongen" – prøveliturgien for Øygarden prestegjeld

- Har fått løyve til å prøva denne liturgien ut året 2007. Korleis skal så evalueringa gjennomførast?
- Finst ferdige evalueringsskjema for dette arbeidet. Her vil det bli fanga opp kva den meiner som går ofte til gudsteneste/den som går meir sporadisk i kyrkja.
- Bør ha hjelp frå bispedømmekontoret om korleis dette bør gjennomførast.
- Endeleg vedtak bør venta til over påske 2008.
- Anbefalar at "Den store lovsongen" blir brukt til dette er avklart etter endeleg vedtak.
- Tilbakemeldingane har vore konstruktive. Liturgien er blitt litt endra og justert etter kvart.
- Mest tilbakemeldingar på salme/songval, mindre av *orda* i liturgien.

I samtalen etter matøkta mellom sokneråda og biskop, vart den einskilde medlem utfordra til å seia si meining i dei grunnleggjande spørsmål som var drøfta først i møtet der også staben var til stades.

- Det kom fram ein nød for at alle i Øygarden måtte føla seg integrert i kyrkjelyden, uansett seksuell legning.
- Sokneråda presiserer at ein ønskjer framleis å ha eit ope og inkluderande fellesskap i kyrkjelydane, samtidig vil ein markera at ein står på ein tydeleg bibelsk plattform.
- Biskopen oppfordrar til å bruka tid og venta noko før ein går vidare med forhalingstanken. Det er nyttig å vera fleire saman i dette spørsmålet.
- For nokre av medlemmane er det vanskeleg å samtala om dette. Går kyrkja meir mot "venstre" er det fleire i sokneråda som ikkje kan vera med lenger i dette fellesskapet.
- Vi må vera tru forvaltarar i den tida vi er sett til teneste i sokneråd/stab.
- Det er viktig å sjå på alle muligheter vi har, ikkje berre på det som er vanskeleg.


Odd N. Thormodsæter
Ref.

NOTATAR

